

## "Musea i samfunnet"



HORDALAND  
FYLKESKOMMUN

## "Musea i samfunnet"

# Regional plan for museum

## 2011-2015

*Hovudmål:*

*Musea skal utviklast som sterke kunnskapssenter og organisasjonar, og vera profilerte samfunnsaktørar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid.*

# REGIONAL PLAN FOR MUSEUM 2011-2015

INNHALD:

FØREORD S.

SAMANDRAG S.

## **DEL A: INTRODUKSJON**

1.0 INNLEIING S.

2.0 SAMFUNNSOPPDRAGET S.

2.1 MUSEA I HORDALAND SI ROLLE I NASJONAL SAMANHENG S.

## **DEL B: SITUASJONEN I DAG**

3.0 STATUS OG UTFORDRINGAR S.

3.1 MUSEA I HORDALAND I DAG S.

3.2 FRIVILLIG SEKTOR OG MUSEA S.

3.3 STRUKTUR S.

3.4 ADMINISTRATIV OG FAGLEG GEVINST FRÅ REFORMA S.

3.5 ØKONOMI S.

3.6 OPNINGSTIDER – BESØK S.

3.7 SAMLINGAR S.

3.8 FORSKING OG KUNNSKAPSUTVIKLING S.

3.9 FORMIDLING S.

3.10 NETTVERK – FELLESTENESTER S.

3.11 KULTURMINNEVERN S.

3.12 HORDALAND FYLKESKOMMUNE SI ROLLE S.

## **DEL C: MÅL OG TILTAK**

4.0 HOVUDMÅL S.

4.1 OPPSUMMERING AV TILTAK S.

5.0 FORNYING S.

5.1 ØKONOMI S.

5.2 ORGANISASJONSUTVIKLING S.

5.3 REGIONAL OG FAGLEG ROLLEFORDELING S.

5.4 NASJONALT OG INTERNASJONALT SAMARBEID S.

6.0 FORVALTNING S.

6.1 SIKRING OG BEVARING AV SAMLINGAR OG KULTURMINNE S.

6.2 SAMFUNNET OG SAMLINGANE S.

6.3 KOORDINERING OG PRIORITERING AV SAMLINGANE S.

7.0 FORSKING OG KUNNSKAPSUTVIKLING S.

7.1 ROLLEFORDELING OG PLANLEGGING INNAN TIL FORSKING OG KUNNSKAPSUTVIKLING S.

7.2 FORSKINGSSAMARBEID S.

7.3 IMMATERIELL KULTURARV S.

8.0 FORMIDLING S.

8.1 FORMIDLING AV KUNNSKAP OG OPPLEVINGAR S.

8.2 MUSEA I SAMFUNNSDEBATTEN S.

8.3 MÅLRETTE FORMIDLINGSTILTAK S.

9.0 HANDLINGSPLAN S.

MUSEUMSOVERSIKT S.

# ”Kunnskap om fortida – blikk for framtida”

Forord (Fylkesordføraren)

## Samandrag

Regional plan for museum 2011-2015 er utarbeidd med heimel i plan- og bygningslova § 8-2, og skal leggjast til grunn for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen. Planen løyser av fylkesdelplan for museum 2003 – 2008.

Førre plan var ei klargjering av den nasjonale museumsreforma og tok utgangspunkt i regionale utfordringar og statlege kulturpolitiske mål, jf Stortingsmelding nr. 22 (1999-2000). Merksemnda i planperioden vart i hovudtrekk sett på organisatoriske endringar der mange mindre einingar vart slegne saman til ni konsoliderte museum. Dette var ei ressurskrevjande reform som kravde full merksemd frå stat, fylkeskommune og kommunar. I oppfølginga av planen vart det difor i mindre grad høve til å prioritera arbeid med andre satsingar: musea som samfunnsaktørar, samfunnsminne og møtestader. Regional plan for museum 2011-2015 fører vidare arbeidet med å styrkja musea som samfunnsinstitusjonar. Fire tema er prioriterte i perioden: kystkultur, industri, kunst og immateriell kulturarv. Planen føreslår éi organisasjonsendring, oppretting av Nasjonalt museum for kyst og hav, men har hovudmerksemnda sett på styrkinga av musea som samfunnsaktørar. Særleg viktig er det å styrkja musea i høve kommunane, mellom anna som ressurs i kulturminne- og museumsfaglege spørsmål i lokalsamfunna i Hordaland.

## Samfunnsoppdraget

Kapittel 2 gjer greie for musea i Hordaland si samfunnsrolle: i lokalsamfunna, i fylket og i nasjonal samanheng. Planen hevar fram fire ulike satsingsfelt som skal få særskild merksemd i planperioden: kystkultur, industri, kunst og immateriell kulturarv.

## Status og utfordringar

Kapittel 3 gjev oversyn over status i institusjonane og kva utfordringar musea har dei neste åra. Med bakgrunn i statusrapporteringar vert det peikt på ulike tema som bør vera retningsgjevande for museumspolitikken.

## Hovudmål

Kapittel 4 summerer opp dei viktigaste målsettingane og tiltaka i planperioden.

## Fornyng

Kapittel 5 handlar om tiltak som skal bidra til å fornya institusjonane. Sentrale utfordringar er knytte til økonomi, organisasjonsutvikling og rollefordeling.

**Forvaltning**

Kapittel 6 peikar på tiltak som skal løysa musea sine oppgåver innan samlingsforvaltning.

**Forsking**

Kapittel 7 drøftar og gjer framlegg knytte til forsking og kunnskapsutvikling.

**Formidling**

Kapittel 8 peikar på formidling som ei sentral oppgåve for musea, og på korleis ein skal styrkja formidlingstiltaka ved institusjonane.

**Handlingsplan**

Kapittel 9 gjev eit samandrag over tiltaka med handlingsplan.

## DEL A: INTRODUKSJON

### 1.0 INNLEIING

14.10.2008 gjorde Fylkestinget vedtak om oppstart av arbeid med ny fylkesdelplan for museum. Etter plan- og bygningslova § 8-2 er dette ein regional plan som skal leggjast til grunn for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen. Planen løyser av fylkesdelplan for museum 2003 – 2008. Den regionale planen gjeld for heile fylket, vil bli lagt til grunn i seinare planar, og vil kunna splittast opp og innlemmast i større planar. Alle regionale planar skal ha ein handlingsplan, og handlingsprogrammet i den regionale museumsplanen skal gjennomførast innanfor rammene av kvart årsbudsjett, og vert gjenstand for ei årleg rullering.

Regional plan avløyser fylkesplanar og fylkesdelplanar. Regional plan kan gjelda for heile fylket, for delar av fylket, eller den kan ta opp heile eller delar av fylket. Sjølv om regionale planar kan vera ulike når det gjeld geografi og tema, vil dei vera like når det gjeld behandling i virkning. Lova skil difor ikkje mellom ulike plantypar når det gjeld regionale planar.

Den regionale planstrategien fastlegg kva regionale planar som skal utarbeidast. Dette er dei prioriterte planoppgåvene det skal samarbeidast om i fylket. Ved oppstart av planarbeidet skal det utarbeidast eit planprogram i samsvar med krava i § 4–1. Forhold som naturleg vil inngå i planprogrammet for regionale planar vil vera opplysningar om formålet med planarbeidet, overordna rammer for arbeidet, organisering, framdrift og medverknad, samt ei skildring av kva alternativ som skal vurderast.

Alle regionale planar skal ha eit handlingsprogram. Handlingsprogrammet må gje ei vurdering av kva oppfølging planen krev. Dei økonomiske ressursane er i mange tilfelle knytt til årlege budsjettvedtak. Handlingsprogrammet bør difor anslå ressursbehov og utpeika ansvarleg organ og samarbeidspartnarar for gjennomføringa av planen. Det er fylkestinget som vedtek handlingsprogrammet som ein del av den regionale planen. Det er også fylkestinget som har ansvar for å ta handlingsprogrammet opp til ei årlig rullering. Ved denne rulleringa vert inngåtte avtalar fornya med andre regionale og kommunale aktørar om gjennomføringa av planen.

Den regionale planen som no føreligg, er skapt i dialog mellom stat, fylkeskommune og kommunar, og også med konstruktiv medverknad frå musea i Hordaland. Prosjektgruppe for museumsplanen vart sett ned med desse medlemene:

Berit W. Eldøy, Saksordførar, Kultur- og ressursutvalet Hordaland fylkeskommune

Per Morten Ekerhovd, fylkeskonservator Hordaland fylkeskommune

Knut Markhus, spesialrådgjevar/prosjektleder Hordaland fylkeskommune

Ronny B. Skaar, utviklingssjef kultur- og idrettsavdelinga Hordaland fylkeskommune  
Anna Elisa Tryti, fylkeskultursjef, Hordaland fylkeskommune (frå mars 2010)  
Kristian Bringedal, verksemdleiar for kultur og fritid, Kvinnherad kommune  
William Hazell, spesialrådgjevar, Bergen kommune  
Trond Indahl, førstekonservator, leiar Hordaland Museumslag  
Trude H. Letnes, direktør, Hardanger og Voss museum  
Atle Ove Martinussen, direktør, Museumssenteret i Hordaland

Andre ressurspersonar er nytta etter behov. Planen har vore tema på to møte med museumsleiarane og to større samlingar med brei deltaking særleg frå musea og kommunane i Hordaland: Museumssamling på Museumssenteret i Hordaland juni 2009 og kultur- og idrettskonferansen til Hordaland fylkeskommune november 2009. Ungdommens fylkesutval har også delteke i planarbeidet. I høyringsperioden vart det gjennomført fem høyringsmøte. Den operative leiinga har vore fylkeskonservator Per Morten Ekerhovd, utviklingssjef ved kultur- og idrettsavdelinga Ronny B. Skaar, og spesialrådgjevar/prosjektleiar Knut Markhus.

Planen orienterer seg særleg rundt tre dokument som det jamt vil bli vist til:

Statusrapport for musea i Hordaland 2009, heretter omtalt som *Statusrapport 2009*. Denne vart utarbeidd som ein del av arbeidet med museumsplanen.

Stortingsmeldinga Framtidas museum (St.meld. nr. 49 (2008-2009), heretter omtalt som *Framtidas museum*.

Fylkesdelplan for museum 2003-2008, heretter omtalt som *Museumsplanen 2003-2008*.

Sidan førre museumsplan har dei fleste musea i Hordaland blitt organisert i ni konsoliderte museum, som eit resultat av museumsreforma. Det er i hovudsak gjennom desse musea Hordaland fylkeskommune si museumssatsing skal skje. At staten gjennom museumsreforma har kome sterkare inn i forhold til musea, betyr ikkje at staten fullt ut har teke det økonomiske ansvaret for musea. Det er viktig for Hordaland fylkeskommune å kunna nytta musea i kultur- og samfunnsutviklinga i fylket.

Å gjera tydeleg musea sitt samfunnsoppdrag, er den raude tråden i høyringsutkastet, og det vert lagt vekt på kva forventingar samfunnet kan ha til musea. På tiltakssida er det gjeve førsteprioritet til å betra driftssituasjonen for musea.

## **2.0 SAMFUNNSOPPDRAGET**

Kva rolle skal musea ha i samfunnet? Den internasjonale museumsorganisasjonen ICOM utforma i 2007 ein revidert definisjon av kva eit museum er: *"Eit museum er ein permanent institusjon, ikkje basert på profitt, som skal tena samfunnet og utviklinga av samfunnet og vera ope for publikum; som*



*samlar inn, bevarer/konserverer, forskar i, formidlar og stiller ut materielle og immaterielle vitnesbyrd om menneska og deira omgjevnader med studie-, utdannings- og underhaldningssiktemål.*” Det blir vektlagt at musea som ei viktig kjerneoppgåve skal vera eit verktøy for utviklinga av samfunnet.

Å gjera tydeleg musea sitt samfunnsoppdrag, er den raude tråden i Hordaland fylkeskommune sin regionale museumsplan 2011-2015. Eit samfunn er aldri ferdig bygt, og kunnskap er ein av byggjesteinane. Musea er institusjonar som forvaltar rike gjenstandssamlingar og fortolkingar av fortid og samtid. Fortolkingane kan jamvel peika inn i framtida. Kunnskapen må gjerast tilgjengeleg for folk og vere relevante premiss for forminga av samfunnet. Det er viktig at musea får spela si rolle som kunnskapsinstitusjonar på fleire ulike vis. Musea skal vera innhaldsrike skattkammer der publikum kan oppsøkje kunnskap og opplevingar. Samstundes skal musea vera pågåande aktørar, som set dagsorden, tek aktivt del i samfunnet og stiller utfordrande spørsmål. Å ha tolkingsnøklar til fortida gjev makt, og med det følgjer ansvar for musea til å ta del i den kritiske offentlegheita med spørsmål om både samtid og framtid. Den fundamentale grunntanken om at musea er til for alle, må heile tida vera i fokus slik at den utoverretta verksemda til musea vert tilgjengeleg og inkluderande for alle samfunnsgrupper. Å gje born og unge gode og inspirerande museumsopplevingar, er ei uvurderleg investering for framtida.

Samlingane er sjølve grunnvollen for dei fleste musea, og det er vesentleg å halda oppe kvaliteten på samlingane og forvaltninga av desse. Samtidig må det vera fokus på at samlingane skal nå ut til publikum, og at det er i møtet med publikum dei oppnår sin eigentlege verdi. Gode samlingar er eit fundament for god formidling og ein føresetnad for musea sin kritiske dialog med samfunnet. Menneska som jobbar i musea er dei som skal få dette til å fungera, og er den viktigaste ressursen når samfunnsoppdraget skal utførast.

Ein føresetnad for høg standard i både samlingsforvaltning og formidling, er forskning og kunnskapsutvikling. Stortingsmeldinga *Framtidas museum* løftar ambisjonane for dette feltet, som ein del av ønsket om ei fagleg styrking av musea. Tett saman med å *utvikla* kunnskap, heng det å *formidla* kunnskapen. I det at musea er kunnskapsinstitusjonar, ligg det som ein føresetnad at dei også er formidlingsinstitusjonar. *”Selve samfunnsrollen eller samfunnsoppdraget for museene ligger i å utvikle og formidle kunnskap om menneskers forståelse av og samhandling med sine omgivelser.”* (*Framtidas museum*) Musea i Hordaland lyt både styrkja eiga forskning og i større grad gå inn i forpliktande partnerskap med universitet og høgskular.

ABM-meldinga (St.meld. nr 22 (1999-2000)), som var grunnlaget for museumsreforma, understrekar viktigheita av å nå ut til publikum: *”Som samfunnsinstitusjonar tevlar (musea) med mange andre påverknadskanalar om tid og engasjement. I kva grad dei maktar å hevda seg, er i stor grad avhengig av det grunnarbeidet dei må gjera for å strukturera og halda oversyn over det materialet som utgjer samlinga eller bestanden i den einskilde institusjonen. Men særleg i vår tid er det ikkje tilstrekkeleg at*

*dette grunnarbeidet er framifrå skjøtta dersom ikkje institusjonane i tillegg er i stand til å utvikla formidlingsstrategiar og -tiltak som overtyder brukarane om at dei representerer tilbod som held høge kvalitative mål.”*

Musea er eit fellesgode i samfunnet. I sitt mandat frå fellesskapet har styresmaktene i oppgåve å nytta musea som eit instrument i samfunnsutviklinga. Samtidig er det ubestrideleg at musea skal ha ei fagleg fri stilling, som gjer at dei kan stilla kritiske spørsmål vedrørande både fortid og notid. Dette krev arm-lengds avstand til eigarar og offentlege styresmakter.

Musea er viktige forvaltarar av samfunnet sitt kollektive minne, tek vare på verdifulle gjenstandar og bygg, og også den immaterielle kulturarven. Noreg slutta seg til UNESCO sin konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven i 2007 (UNESCOs konvensjon av 17. oktober 2003 om vern av den immaterielle kulturarven), og dette har gjeve musea nye, viktige oppgåver på feltet. Immateriell kulturarv er i konvensjonen definert som *praksis, framstillingar, uttrykk, gjenstandar, kulturgjenstandar og kulturelle rom som samfunn, grupper og, i nokre tilfelle, enkeltpersonar anerkjenner som ein del av sin kulturarv*. Det vert lagt vekt på kulturelle prosessar framfor kulturprodukt, og at vern inneber at ein må sikra traderingsprosessen sine livsvilkår framfor tradisjonen sine produkt. Dei landa som har slutta seg til konvensjonen, har ansvar for å verna immateriell kulturarv innanfor sine område. Og ein kan ta dette vidare til regionalt nivå: Hordaland fylke har eit ansvar for å verna immateriell kulturarv innanfor sitt område.

I Hordaland er musea ei viktig drivkraft i det samla kulturminnevernet. Stortingsmelding nr 16 (20042005) *Leve med kulturminner* gjev musea høve til å ta ei meir aktiv rolle i å følgja opp den nye kulturminnepolitikken. Dette er ei viktig oppgåve som støttar opp om musea si regionale rolle som kunnskapsforvaltar og samfunnsutviklar. Å utvikla og forma musea sine roller på dette feltet i samråd med kommunar og frivillig sektor, vil vera ei prioritert oppgåve.

Dei konsoliderte museumseiningane femner geografisk og tematisk over heile Hordaland. Ein har i tillegg mange ulike museumstiltak som ikkje er del av konsoliderte museumseiningar. Hordaland er også kjenneteikna av stort engasjement på det kulturhistoriske fagfeltet hjå organisasjonar og private - dei fleste musea vart til på grunnlag av stort privat engasjement. Sogelag og private samlarar gjer viktig arbeid for å sikra kulturhistorisk materiale, men utan at dette nødvendigvis skjer under noko form for fagleg medverknad frå musea. Her ligg nye oppgåver for musea, der institusjonane i større grad enn tidlegare bør få ressursar til å gje fagleg bistand, råd og vegleing til slikt arbeid, ikkje minst i samlingsforvaltinga.

## **2.1 Musea i Hordaland si rolle i nasjonal samanheng**

I tillegg til dei kjerneoppgåvene eitkvart museum skal ha, må musea sine tematiske ansvarsområde

klarleggjast. Ikkje minst er det viktig å klargjera kva fagfelt musea i Hordaland bør prega i ein nasjonal og internasjonal samanheng, og gje desse fagfelte særleg prioritet i fylket sin museumspolitik. Ut frå historie, samfunnsutvikling og museumsutvikling er det fire område der musea i Hordaland framover må ta mål av seg å fronta særskilt, nasjonalt og internasjonalt: Kystkultur, industri, kunst og immateriell kulturarv.

### **Kystkultur**

Kyst og hav er ein sentral dimensjon ved Noreg, og kystkulturen er eit av dei mest markante trekk ved Hordaland, samtidig som det også har ein internasjonal karakter. Det er vedteken politikk i Hordaland fylkeskommune at arbeid med kystkultur og fartøyvern skal prioriterast. Museum Vest har i dag nasjonalt nettverksansvar for fagområdet fiskeri og kystkultur, og har slik ei sentral nasjonal rolle. Mange av musea i fylket arbeider med temaet kystkultur og maritime næringar. Dette fagfeltet skal styrkast i den fylkeskommunale museumspolitikken, og dette må følgjast opp av kommunar og staten. Musea i Hordaland skal ha ei klar leirolle nasjonalt når det gjeld dokumentasjon, formidling og forskning på kystkultur, maritim industriutvikling og fartøyvern, og Sunnhordland museum er av dei musea som har eit særleg ansvar på dette feltet. Musea i fylket har til saman 128 farkostar i samlingane sine (ABM-statistikk 2009). Hordaland fylkeskommune skal laga eigen handlingsplan for fartøyvern.

### **Industri**

Vestlandet er kraft-, industri- og verdiskapingslandsdelen. Med den rolla Hordaland har hatt og har i norsk kraftproduksjon og industrireising, er det gitt at dette er eit fagområde som museum i Hordaland bør ha eit særskilt ansvar for. Dette er også utprega internasjonal historie. Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum er eitt av to hovudmuseum i NVE si museumsordning, og er etablert for å vera eit nasjonalt museum for vatnet, vasskrafta si historie og bruken av krafta. Norsk Trikotasjemuseum og Tekstilsenter (Museumssenteret i Hordaland) er også eit nasjonalt hovudmuseum innan sitt felt. Fleire andre museum i fylket fortel industrihistorie. Regionen Sunnhordland har siste hundreåret husa ei

rivande maritim industriutvikling innan den mekanisk skips- og oljeindustrien. På dette feltet ligg store

oppgåver innan dokumentasjon og formidling. Sunnhordland museum har eit spesielt ansvar for den tekniske maritime industrihistoria i regionen, og har teke ansvar knytt til mekanisk skipsbygging, offshoreinstallasjonar, hermetikkindustri og gruvedrift. Nyare industriutvikling peiker på at heilskapen i feltet må styrkast i musea. Fylkeskommunen sin museumspolitik skal sørgja for å løfta desse museumstiltaka ytterlegare, i samarbeid med staten og kommunane.

Planen legg opp til å få etablert eit statleg Senter for industriarkiv i Odda, og at musea skal spela ei

viktig rolle i forvaltinga av industriarven.

### **Kunst**

Med Kunstmuseene i Bergen som hovudaktør på området, er Hordaland langt framme når det gjeld å presentera interessant kunst frå ulike tidsperiodar. Også andre museum er sterke på feltet, ikkje minst Baroniet Rosendal og Hardanger og Voss museum (Kabuso). Andre aktørar utanfor museumsfeltet set også internasjonal dagsorden, t.d. Bergen kunsthall. Alle kunstuttrykk bør dekkast, og ein skal leggja vekt på den internasjonale dimensjonen. Dei nasjonale museumsnettverka vil vera eit nyttig fagleg supplement når det gjeld kunstformer som ligg utanfor det primære kompetanseområdet til dei konsoliderte musea, til dømes Litteraturnettverket. I eit nasjonalt perspektiv bør Hordaland ha ei stor rolle i forståinga av nasjonalromantikkens kunstnarar og i presentasjonen av samtidskunst. Ein må prioritera å styrkja den internasjonale posisjonen kunstmusea i Hordaland har. Det kan peikast på behovet for samordning av verksemdene innanfor kunstformidling.

Fleire tiltak kan vera aktuelle, til dømes kan etablering av Bergenstriennalen som eit samarbeidsprosjekt mellom Bergen og vestlandsfylka vera fornuftig. Hordaland fylkeskommune ønskjer å utvikla ein institusjonell infrastruktur for formidlinga av samtidskunst i fylket. Her er det ønskeleg at Kunstmuseene i Bergen tek leiarrolla. Samtidskunst kan vera ei brekkstong for å utvikla undrings- og endringskompetanse i samfunnet, og ei styrking av feltet vil kunna bidra til auka innovasjon på andre samfunnsfelt. Planen legg opp til å styrkja musea som ein arena for kunst og kunstformidling.

### **Immateriell kulturarv**

Den 17. januar 2007 ratifiserte Noreg UNESCO sin konvensjon av 17. oktober 2003 om vern av den immaterielle kulturarven. Konvensjonen sitt føremål er å verna immaterielle kulturuttrykk, og synleggjera og sikra respekt og anerkjenning for berørte samfunnsgrupper og enkeltpersoner sin ikkjematerielle kultur. Konvensjonen er eit juridisk dokument på overnasjonalt nivå og pålegg konvensjonen det norske samfunnet store forpliktingar knytt til bevaring av immateriell kulturarv.

Hordaland er del av eit kulturgeografisk område som er særst rikt på denne typen kulturarv, til dømes innan kystkulturen. Hordaland fylkeskommune har gjennom stønad til og i samarbeid med Hardanger fartøyvernsenter og Oselvarverkstaden vore med på å ta vare på immateriell kunnskap knytt til vår maritime kulturarv. Hordaland har her vore nytenkjande, også i internasjonal målestokk.

Med bakgrunn i Unesco-konvensjonen, er det openbert at Hordaland har eit særleg ansvar for å forvalta og formidla hardingfeletradisjonen, då nasjonalinstrumentet er uløseleg knytt til Hardanger, i ein levande tradisjon. Det er andre døme på liknande. I denne samanhengen er handverkstradisjonar med, og det er viktig å identifisera strategiar for å utvikla og forvalta denne arven. Hordaland fylkeskommune har allereie etablert offensive satsingar på dette området, t.d. bygningsvern,

folkemusikk og Economuseé. Musea er avgjerande for å utvikla dette feltet.

Planen legg opp til å etablere eit hardingfelesenter i Hardanger. Vidare må musea setjast i stand til å ta større fagleg ansvar for den immaterielle kulturarven.

## **DEL B: SITUASJONEN I DAG**

### **3.0 STATUS OG UTFORDRINGAR**

Som ein del av planarbeidet vart det i 2009 utarbeidd statusrapport for musea i Hordaland, der me også såg på korleis *Museumsplanen 2003-2008* hadde fungert. Rapporten bygde på desse kjeldene:

- 1 Dei ni konsoliderte musea i Hordaland sine svar på Kyrkje- og kulturdepartementet (KKD) sitt om status i museumsreforma, frå årsskiftet 2008/2009.
- 2 Dei ni konsoliderte musea i Hordaland sine svar på Kultur- og idrettsavdelinga (KIA) si supplerande spørjeundersøking om musea april 2009.
- 3 Kommunane i Hordaland (kulturkontaktane) sine svar på Kultur- og idrettsavdelinga si spørjeundersøking om musea april 2009.
- 4 Dei ni konsoliderte musea i Hordaland sine årlege rapportar til ABM-utvikling og fylkeskommunen.
- 5 Uttale frå Ungdommens fylkesutval.

Resultat og konklusjonar i *Statusrapport 2009* er eit viktig grunnlag for museumsplanen. I det følgjande kjem ei meir kortfatta oversikt over museumslandskapet i Hordaland i dag.

#### **3.1 Musea i Hordaland i dag**

Det finst om lag hundre museum i Hordaland, med stort og smått. Vel 35 av desse er i dag samla i ni konsoliderte einingar, som er ein del av det nasjonale museumsnettverket til Kultur- og kyrkjedepartementet. Desse får økonomisk støtte frå både staten, fylkeskommunen og kommunane. Resten er ei mangfaldig gruppe, med høgst ulike livsvilkår. Det største av desse er Bergen Museum, som blei oppretta i 1825 som det første museet i Hordaland. Dette er i dag universitetsmuseum finansiert av Kunnskapsdepartementet. Vil Vite og Akvariet i Bergen er også store museumsrelaterte institusjonar med statleg finansiering av andre departement enn kulturdepartementet, og ligg på sida av Hordaland fylkeskommune sitt museumspolitiske ansvar. Ei handfull museum/museale bygg er eigd og vert drivne av Fortidsminneforeningen: Stranges Stiftelse og Nonneseter klosterruin i Bergen, Holdhus gamle kyrkje i Fusa, Moster gamle kyrkje på Bømlo, Finnesloftet, Lydvaloftet og bu frå Ullestad på Voss. Museet Lysøen er eigd av Fortidsminneforeningen, og blir drive av Kunstmuseene i Bergen.

I tillegg finst fleire museum og samlingar som er eigd og blir drivne av kommunar, og ei rekkje som er eigd og blir drivne av stiftingar og andre organisasjonar med kommunal støtte. Bergen kommune har gjennom lang tid teke eit stort museumspolitisk ansvar og er i ei særstilling. Mellom dei andre kommunane kan me nytta Kvinnherad som døme. Her eig og driv kommunen Kvinnherad museum, som inneheld Bygdetunet Rød, Haugland gamle skule og Skaalurensamlinga. I tillegg finn ein i Kvinnherad Gjerdetunet, Halsnøy kloster, Jens Tvedt-huset og Nistovetunet, som alle blir drivne av Sunnhordland museum. Liknande ordningar finst i fleire kommunar.

Dei ni konsoliderte musea er ikkje isolerte einingar i forhold til museumslandskapet rundt. Nokre har ei overordna rolle i sitt område, som regionsmuseum. Andre har ulike former for samarbeid, rådgjeving m.m. utover sitt eige museum. Det er også ein viss grad av elastisitet i høve samansetninga av dei konsoliderte einingane. Enkelte museum som i dag ikkje er inne i ei konsolidert eining, vil kunna finna sin plass i ei slik i framtida.

Dette er dei ni konsoliderte museumseiningane per i dag:

Baroniet Rosendal

Bergens Sjøfartsmuseum

Bymuseet i Bergen

Hardanger og Voss museum

Kunstmuseene i Bergen

Museum Vest

Museumssenteret i Hordaland

Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum

Sunnhordland museum

Bakarst i planen finst ei oversikt over dei konsoliderte musea og einingane i desse, med nøkkeltal for 2009. Her er også ei oppstilling av museum som ikkje er del av dei konsoliderte musea.

### **3.2 Frivillig sektor og musea**

I tillegg til alle musea, både dei konsoliderte og dei som står for seg sjølv, finst ei rekkje mindre samlingar, sogelag og kulturminnelag som har ein museumsrelatert aktivitet. Stordelen av musea er resultat av arbeid gjort av frivillig sektor; lag, organisasjonar, foreiningar og private og enkelte kommunar. Hordaland merkar seg ut som eit fylke med stor interesse for kulturhistorisk arbeid. *Statusrapport 2009* kvantifiserer ikkje mengda av tiltak og arbeid som vert lagt ned på dette feltet, men ein kan seia at frivillig arbeid i stor grad har vore grunnlaget for det som seinare er vorte dei konsoliderte museumseiningane.

Mengda av tiltak og talet på timar som vert lagt ned til beste for museumsfeltet på denne måten er ei kraft som ein bør leggja til rette for, og utvikla. I mange kommunar og lokalsamfunn er frivillig aktivitet dessutan ein byggjestein for andre tiltak på kulturfeltet. Frivillig engasjement er i dag sett under press. Museumsreforma og utviklinga av musea har ført med seg ei auka profesjonalisering. Det kan vera utfordrande å ta med seg vidare frivillig engasjement og stimulera vidare arbeid hjå frivillige. Om denne krafta innan museumssektoren vert mindre, vil mange av institusjonane bli sett mykje tilbake. Det er særleg samarbeidet mellom musea og kommunane som kan utvikla og løysa ut gode relasjonar mellom frivillig engasjement og profesjonelle institusjonar. Planen legg opp til vidareføring av satsinga på felles finansiering av fagstillingar retta mot musea si regionale rolle og samhandling med frivillig sektor.

### 3.3 Struktur

Kultur- og kyrkjedepartementet lanserte ei omfattande museumsreform i stortingsmelding nr. 22 (1999–2000) *Kjelder til kunnskap og oppleving*, den såkalla ABM-meldinga. Hovudtiltaket i meldinga var forslaget om ei ny strukturering av museumslandskapet. Målet var ein struktur der kvart fylke har eit mindre tal museum med ein så sterk fagleg og økonomisk plattform at dei kan inngå i eit nasjonalt museumsnettverk. Arbeidet med reforma kom i gang i 2001. I samband med museumsreforma, lanserte så *Museumsplanen 2003-2008* ein ny museumsstruktur for Hordaland. På dette tidspunktet var det 24 museumstiltak i Hordaland som fekk fylkeskommunalt og statleg driftstilskot. Desse, og nokre til, vart samla i ti konsoliderte einingar. Sidan den gong er den planlagde samanslåinga av museum utført, med nokre justeringar. Ti einingar vart til ni ved at ”Regionmuseum for Midthordland” ikkje vart realisert. I staden gjekk musea som var tenkt hit, inn i andre konsoliderte einingar. Osterøy museum og Havråtunet til Museumssenteret i Hordaland, Hordamuseet til Bymuseet i Bergen og Voss folkemuseum til Hardanger og Voss museum. Fleire av dei konsoliderte einingane har også teke andre namn enn det som var føreslått i museumsplanen.

Konsolideringsprosessen har vore utfordrande, særleg for musea som vart slegne saman til nye einingar. Her har det dels vore store omveltingar, der ein mellom anna har utarbeidd nye vedtekter. *Statusrapport 2009* konkluderer med at mykje av jobben no synest å vera gjort, slik også *Framtidas museum* melder om på nasjonalt plan: ”Det er gjennomført en betydelig strukturreform gjennom konsolidering av mindre museer til større museumsenheter. Selv om det videre arbeidet vil ha hovedvekt på faglig utvikling og kvalitet, ser departementet positivt på en ytterligere konsolidering i de regionene hvor det er hensiktsmessig.” Når departementet her oppmuntrar til vidare konsolidering i enkelte regionar, er Hordaland eitt av dei fylka ein peiker på.

Dei musea som ikkje er med i dei konsoliderte einingane, er i liten grad blitt direkte omfatta av muse-

umsreforma. Bergen Museum tilhører som universitetsmuseum eit anna departement, Kunnskapsdepartementet, og er såleis ikkje med i det nasjonale museumsnettverket til Kultur- og kyrkjedepartementet. Stortingsmelding 15 (2007-2008) *Tingenes tale* framhevar at det er trong for betre og meir systematisk samhandling mellom universitetsmusea og dei øvrige musea. Styrka kontakt mellom dei konsoliderte musea og universitetsmuseet vil gje betre tilhøve for forskning og kunnskapsutvikling i institusjonane. *Tingenes tale* slår fast at universitetsmusea framleis skal vera tilknytt universiteta.

Det største talet museum gjenstår framleis: Eit konglomerat av små og litt større museumstiltak som i stor grad har vakse opp av lokalt engasjement og initiativ. Dei fleste høyrer ikkje med i konsoliderte einingar fordi dei verken økonomisk eller fagleg har det formatet som gjer at dei er aktuelle for å bli tekne inn. Nokre har andre tilknytingsforhold, til dømes Bergenhus forsvarsmuseum som vert drive av Forsvaret. I *Statusrapport 2009* vert det frå ein del kommunar teke til orde for at småmusea på ulike vis bør få eit nærmare forhold til konsoliderte museum, særleg for å auka den museumsfaglege kvaliteten i dei mindre museumstiltaka.

### **3.4 Administrativ og fagleg gevinst frå reforma**

I *Museumsplanen 2003-2008* er den nye museumsstrukturen grunngjeven slik: ”Målet med ein ny museumsstruktur er å få fagleg og administrativt sterke museumseiningar som skal gje eit utvida museumstilbod til alle regionane.” I *Statusrapport 2009* seier tilbakemeldingane frå musea at ein har oppnådd ei administrativ profesjonalisering i dei konsoliderte einingane som er sett saman av fleire tidlegare sjølvstendige museum. Prisen er at ein brukar meir ressursar på administrasjon enn før konsolideringa, og at det ikkje har vorte frigjort kapasitet til faglege oppgåver. Svara frå musea gjev uttrykk for at større ressursbruk til administrasjon ser ut til å bli ein varig effekt av prosessen.

Om det ikkje har vorte frigjort kapasitet til faglege oppgåver, så har det for ein del av musea likevel skjedd ei profesjonalisering også her, til dømes innan utstillingsproduksjon, samlingsforvaltning og bygningsvern. Det museumsfaglege samarbeidet innan regionen har vorte styrka, og for enkelte av musea har auka økonomiske ressursar gjeve moglegheit for utviding av både areal og bemanning, og ikkje minst utviding av verksemdsområde.

Nokre av dei konsoliderte musea opplever at museumsreforma har ført til auka fokus på forskning, og at det no er større forventingar til å levera på dette området. På denne måten har museumsreforma hatt ein positiv effekt på forskinga hjå museet. Samtidig er det tydeleg at ressursane ikkje strekk til for å driva forskning i den grad ein meiner ein burde. Det er ei forventning om at reforma skal utløysa meir forskingsmidlar.

Dei fleste av dei konsoliderte musea viser til godt og kontinuerleg arbeid innan kulturminnevern, og at det er auka engasjement og auka oppgåver på dette feltet - men utan at det treng ha med museumsre-



forma å gjera.

### 3.5 Økonomi

Hordaland fylkeskommune sitt ordinære driftstilskot til musea har i perioden 2005-2009 auka frå kr. 24 958 000 til kr. 35 234 000.

#### Ordinære fylkeskommunale driftstilskot til dei konsoliderte musea 2005 - 2009

Museum	2005	2006	2007	2008	2009
Baroniet Rosendal	682	702	721	737	757
Bergen Sjøfartsmuseum	1 281	1 319	1 352	1 383	1 420
Bymuseet i Bergen	4 675	4 815	5 319	5 306	5 700
Hardanger og Voss museum	6 374	7 786	9 250	9 625	9 901
Kunstmuseene i Bergen	2 157	2 181	2 540	2 586	2 807
Museum Vest	3 481	3 589	3 648	3 729	3 831
Museumssenteret i Hordaland	3 511	5 639	6 478	6 902	7 711
Norsk Vasskraft og industristadmus.	978	1 007	1 033	1 056	1 085
Sunnhordland Museum	1 819	1 873	1 919	1 966	2 022
Samla ord. fylkeskomm. driftstilskott	24 958	28 911	32 260	33 290	35 234

Alle tala i heile tusen kroner. Kjelde: ABM Statistikk

15

#### Totale inntekter og utgifter for dei konsoliderte musea 2005-2009

	Totale inntekter (offentlege tilskot (ordinære driftstilskot og ekstraordinære) og eigeninntekter)	Samla utgifter
2005	196 285	197 804
2006	225 476	223 959
2007	226 017	230 685
2008	252 463	256 087
2009	278 139	282 516
2005-2009 i sum	1 178 380	1 191 051
Utvikling frå 2005 til 2009	+ 41,7%	+ 42,8%

Alle tala i heile tusen. Kjelde: ABM Statistikk

Frå 2005 til 2009 auka inntektene til dei konsoliderte musea i Hordaland med nær 42 %.

Inntektene skriv seg frå tre kjelder:

- 1 Ordinære driftstilskot frå det offentlege (stat, fylkeskommune, kommune og andre offentlege)

- 2 Eigeninntekter (billettinntekter, varer og tenester, sponsorinntekter og g aver, og andre eigeninntekter)
- 3 Ekstraordin ere, tidsavgrensa l yvingar fr  det offentlege

### Ordin ere driftstilskot fr  det offentlege og musea sine eigeninntekter 2005 – 2009

	1. Ordin�ere offentlege driftstilskot				2. Samla eigeninntekter	Kommune	Andre offentl.
	Stat (K-dep.+ABM)	Fylke					
2005	31 534	24 958	56 879	11 527	65 156		
2006	40 196	28 911	60 912	8 072	75 907		
2007	53 771	32 260	62 672		70 920		
2008	60 021	33 290	61 756		85 012		
2009	67 007	35 234	59 294		92 391		
2005-2009 i sum	252 529	154 653	301 513	19 599	389 386		
Utvikling fr� 2005 til 2009	+ 112,5%	+ 41,1%	+ 4,2%		+41,8%		

Oversikta gjeld dei 9 konsoliderte musea i Hordaland. Alle tala i heile tusen. Kjelde: ABM Statistikk

Musea auka sine eigeninntekter med n r 42 % fr  2005 til 2009. Dei ordin ere offentlege driftstilskota auka ogs , men i sv rt ulik grad fr  stat, fylke og kommune. Dei statlege driftstilskota auka mest, dei kommunale minst, mens andre offentlege driftstilskot opph yrte i perioden.

Dei ordin ere driftstilskota utgjorde 58,1 % av dei totale inntektene til musea i 2009 mot 63,6 % i 2005 – ein reduksjon p  5,5 %. Dette skuldast dels at andre offentlege driftstilskot opph yrte, dels at meir tidsavgrensa og ekstraordin ere l yvingar til musea auka.

### Ekstraordin ere offentlege l yvingar til musea i Hordaland 2005 – 2009

	1. Ekstraordin�ere (tidsavgrensa) offentlege tilskot			
	Stat	Fylke	Kommune	Andre offentl.
2005	392			5 830
2006	1 655			9 823
2007	5 512	1 181	882	
2008	8 630	1 893	1 861	
2009	12 097	4 269	2 847	

<b>2005-2009 i sum</b>	28 286	7 343	5 590	15 653
------------------------	--------	-------	-------	--------

Oversikta gjeld dei 9 konsoliderte musea i Hordaland. Alle tala i heile tusen. Kjelde: ABM Statistikk

Dei ekstraordinære løyvingane auka heile 209 % frå 2005 til 2009, og utgjorde nær 7% av musea sine totale inntekter i 2009 mot 3 % i 2005.

**Musea sine totale inntekter – fordelt på kvar tilskotyttar sin andel. Utviklinga frå 2005 til 2009 i prosent:**

		2005	2009	Endring/differanse:
<b>Samla offentlege løyvingar (ord. og ekstraordinære)</b>	<b>Stat</b>	16,2	28,4	+ 12,2
	<b>Fylkeskommune</b>	12,7	14,2	+ 1,5
	<b>Kommune</b>	29,0	22,3	-6,7
	<b>Andre offentlege</b>	8,8		
<b>Musea sine samla eigeninntekter</b>		33,2	33,2	0

Oversikta gjeld dei 9 konsoliderte musea i Hordaland.

Om me ser på dei ulike forvaltningsnivåa, vart tilhøvet mellom dei tre nivåa endra i perioden 2005-2009. Staten sin del av dei totale løyvingane auka med 12,2 %, den fylkeskommunale auka med 1,5 %, medan den kommunale delen vart redusert med 6,7 %. Dei samla offentlege løyvingane utgjorde 67% og musea sine eigeninntekter 33% både i 2005 og 2009.

Gjennom reformperioden har staten prioritert auke i driftstilskot til museum som har slått seg saman til større einingar. Dette har ført til fastfrysing av driftstilskotet frå Kulturdepartementet til dei tre musea i Hordaland som ikkje har gjennomført denne typen konsolidering: Baroniet Rosendal, Bergens Sjøfartsmuseum og Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum.

Når det gjeld Kunstmuseene i Bergen, er fylkeskommunen sin del av dei samla offentlege driftstilskota relativt små, mens Bergen kommune sin del er relativt stor. Dette har sin bakgrunn i at Bergen bil- ledsamling, no Bergen kunstmuseum, er eigd av Bergen kommune og har hovudsakleg vore ei kommunal oppgåve. Fylkeskommunen har vore sterkare inne økonomisk i dei andre einingane i Kunstmuseene i Bergen.

Ein betydeleg del av auken i tilskot til dei konsoliderte musea har gått til nokre storsatsingar, særleg Bevaringstenestene ved Hordaland museumssenter og Kabuso i Hardanger og Voss museum. Går ein inn og ser på tala for enkeltavdelingar ved dei konsoliderte musea, og også tek omsyn til pris- og løns-

vekst, vil ein jamt over ikkje finna noko stor reell auke i løyvingar. Mange har også i lang tid vore underfinansiert, og har eit etterslep på drift. Dette kan forklara at ingen av musea i Hordaland gjev uttrykk for å vera i ein fullgod økonomisk situasjon.

Dei konsoliderte musea opplyser om store behov for økonomisk støtte til investeringar, drift og vedlikehald. Fleire stader er ein på defensiven i forhold til at vedlikehaldsoppgåver og andre bygningsmessige behov aukar langt raskare enn ein greier å halda tritt med.

Musea har hatt ein monaleg statleg og fylkeskommunal auke i løyvingane. Likevel melder musea om større utfordringar i høve drift og investeringar. Dette peikar på at musea – før museumsreforma – har vore sterkt underfinansierte.

#### Samla behov for investeringsmidlar og auke i driftsmidlar 2010-2015

	Investeringar	Drift
Museum Vest	100.200.000	3.650.000
Bymuseet	261.600.000	13.500.000
Bergens Sjøfartsmuseum	21.520.000	4.050.000
Sunnhordland museum	18.250.000	2.700.000
Kunstmuseene i Bergen	103.100.000	50.300.000
Hardanger og Voss museum	113.450.000	7.820.000
Baroniet Rosendal	30.000.000	4.300.000
NVIM	85.750.000	3.000.000
Museumssenteret i Hordaland	91.000.000	20.000.000
	<hr/> 824.870.000	109.320.000

*ILLUSTRASJON: Dei ni konsoliderte musea melde for perioden 2010-2015 om eit samla behov for investeringsmidlar på kr. 824.870.000 og behov for auka driftsmidlar på kr. 113.820.000. Dette er tentative tal som tek opp i seg både vedtekne planar, og tiltak og behov som er på eit tidleg skisseplan.*

Nokre av musea har ei vesentleg inntekt frå sponsorar. Det er ein tendens til at dei musea som er eigne konsoliderte einingar, vurderer det slik at velviljen frå sponsorar lever fordi musea ikkje har vorte slått saman med andre. Nokre av dei samanslåtte musea opplever det slik at det at dei er vorte større og kraftigare, har gjort det lettare å skaffa sponsorinntekter.

For dei fleste av dei konsoliderte musea er billettinntekter ein relativt liten del av det totale driftsbudsjettet, men ikkje mindre enn at publikumssvikt kan skapa problem for verksemda. Svikt i delar av reiselivet den seinare tid, har slått uheldig ut for enkelte av musea sin økonomi. Av musea i Hordaland er Baroniet Rosendal det som er mest avhengig av billettinntekter, då billettinntektene utgjer heile

20% av inntektsbudsjettet.

### 3.6 Opningstider - besøk

Sju av ni museum har gjort endringar i opningstidene dei siste fem åra, dei fleste ved at ein har utvida opningstidene. Dette er motivert av eit ønskje om å gjera samlingane og tilbodet elles meir tilgjengeleg for publikum - og eit ønskje om fleire besøkande. Det har også skjedd noko samkøyring av opningstider mellom avdelingar i dei konsoliderte musea.

I 2009 var det nær 591 000 besøkande ved dei konsoliderte musea i Hordaland. Besøktala syner ein liten auke frå 2005 til 2009, men varierer mykje i perioden 2005 – 2009.

	2005	2006	2007	2008	2009
Baroniet Rosendal	55 303	48 936	45 584	53 919	50 886
Bergen Sjøfartsmuseum	22 107	24 692	23 360	24 042	21 527
Bymuseet i Bergen	148 752	166 235	163 965	125 050	159 468
Hardanger og Voss museum	24 360	52 419	51 192	37 602	44 491
Kunstmuseene i Bergen	188 407	200 441	204 608	218 094	161 174
Museum Vest	111 145	90 028	107 485	105 287	102 947
Museumssenteret i Hordaland	3 089	21 276	24 673	27 098	27 015
Norsk Vasskraft og Industristadmuseum	11 627	6 941	8 107	10 326	10 071
Sunnhordland Museum	10 230	10 416	15 744	10 416	13 106
<b>Samla besøk:</b>	<b>575 020</b>	<b>621 384</b>	<b>599 134</b>	<b>611 834</b>	<b>590 685</b>

*Statistikk for arkiv, bibliotek og museum 2009, ABMU-skrift 67*

### 3.7 Samlingar

Dei konsoliderte musea i Hordaland har til saman nærmare 500 kulturhistoriske bygg og 128 farkostar (ABM-statistikk 2009), og melder om store utfordringar i forhold til å ta vare på desse. Det er ein stor trong for fagleg kompetanse innan antikvarisk bygningsvern og fartøyvern, både i musea og ute i regionane.

Musea i Hordaland har rike gjenstandssamlingar. 2008-statistikken til Amb-utvikling syner at det finst godt over 4 millionar gjenstandar i dei ni konsoliderte musea pluss Bergen museum, Akvariet i Bergen og Bergen Vitensenter (VILVITE). For dei fleste musea har ikkje konsolideringa gjort noko vesentlege endringar i forhold til samlingar. Det er eit nokolunde jamt tilsig av objekt, og om lag like stor mengd utstilte gjenstandar som tidlegare. Den største delen av dei konsoliderte musea oppgjev at sam-

lingane totalt sett har vorte meir tilgjengelege for publikum i løpet av dei siste fem åra. Men det er også to av musea som seier at dette er tilfelle i svært liten grad.

### Gjenstandssamlingane i musea i Hordaland 2009

Type gjenstand	I alt ved utgang 2009	Tilvekst i 2009	Tilvekst i samsvar med planar	Gjenstandar tilfredsstillande registrert i elektronisk form	Registrert med digital kopi av foto
Kunsthistorisk	40 896	136	65	32 286	22 310
Kulturhistorisk	398.425	2 096	723	96 913	22 310
Arkeologisk	1 367 864	20 092	0	1	14 590
Naturhistorisk	2 103 324	54 282	0	0	0
Fotografi	450 571	3 512	646	48 269	54 264

Statistikk for arkiv, bibliotek og museum 2009, ABMU-skrift 67

ABM-utvikling gjennomførte prosjektet «Tilstandsregistrering av museumssamlingar» og i sluttrapporten *Vel Bevart?* er 45 prosent av gjenstandssamlingane på landsplan vurderte til å vera i generelt «ikkje tilfredsstillande» eller «dårleg» tilstand, medan det same gjeld for vel 57 prosent av fotomaterialet. Utfordringa med å retta på dette gjeld også i Hordaland. Det er trong for ei generell oppgradering, både når det gjeld fasilitetar for bevaring og konservering, og på kompetanse. Opprettinga av Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland er eit viktig tiltak som møter denne situasjonen. Fullføring og oppfølging av dette store prosjektet har avgjerande betydning, samtidig som det står igjen utfordringar som fell utanfor Bevaringstenestene sitt tilbod.

Fire av dei ni konsoliderte musea har utarbeidd plan for det framtidige innsamlingsarbeidet, og tre har slik plan under utarbeiding. Konsolidering i større museumseiningar gjer at museumsavdelingar lettare kan sjå sine samlingar i samanheng. Men framleis er det eit stort potensial i koordinering av samlingsforvaltninga i Hordaland. I stor grad samlar museum på same gjenstandar, og gjer det same arbeidet. Fleire av musea nemner i *Statusrapport 2009* at det bør skje ei samordning i heile fylket når det gjeld innsamling og prioritering av gjenstandar som skal takast vare på.

Musea har teke i bruk programmet PRIMUS som er eit nasjonalt system for forvaltning av museums-samlingar og blir drifta av selskapet KulturIT. Hordaland fylkeskommune har koordinert konvertering av gjenstand- og fotoregistreringar frå den gamle programvaran WinRegimus over i Primus gjennom ein samarbeidsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Avtalen med Sogn og Fjordane fylkeskommune opphøyrde ved utgangen av 2010. Drifta av Primus er no ført over til KulturIT. Arbeidet vert koordinert ved Museumssenteret i Hordaland. Utvikling og regional tilpassing av desse oppgåvene peikar på trongen for ei fellesteneste med ansvar for brukarstøtte og kursing for alle musea i fylket.

Musea i Hordaland har over 3000 hyllemeter privatarkiv (ABM-utvikling, Arkivstatistikken for 2009). Privatarkiv er arkiv etter privatpersonar, organisasjonar og private verksemder av alle slag. Slike arkiv kan innehalda informasjon av stor verdi for enkeltpersonar, lokalsamfunn og for samfunnet som heilskap. Private og offentlege arkiv blir skapt i samhandling mellom offentlege og private samfunnsaktørar og utgjer integrerte delar av eit felles samfunnsminne. Hordaland fylkesarkiv koordinerer privatarkivarbeidet i Hordaland.

Det er ei utfordring for musea å finna tid og ressursar til innsamling og bevaring av arkiv, og til katalogisering og formidling av arkiva som er oppbevart i musea. Spesielt store er utfordringane knytt til bevaring av elektronisk privatarkiv og store bedriftsarkiv. Ein strategi er å styrkja fylkesarkivet sin lokalhistoriske og kulturhistoriske funksjon.

### **3.8 Forsking og kunnskapsutvikling**

Nokre av musea har ein sterk tradisjon for forskning, og har ein kontinuitet i dette arbeidet uavhengig av museumsreforma. Ei rekkje av musea driv jamt med prosjektfinansiert forskning. Bergens Sjøfartsmuseum har ein klar forskingsmessig profil. I dag er sju forskarar tilknytt institusjonen. Fleire av avdelingane ved Museum Vest har også prioritert forskning over lengre tid, både ved eigne forskingsprosjekt og ved utgjeving av publikasjonar av vitskapleg karakter. Kunstmuseene likeeins, utan at det kan knytast til reforma. Museumssenteret si avdeling Lyngheisenteret er knytte til ei rekkje naturvitskapelege forskingsprosjekt ved Universitetet i Bergen. Bymuseet i Bergen driv aktiv og meritterande forskning, ikkje minst i miljøa ved Bryggens Museum, Baroniet Rosendal og Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum likeeins. Også dei andre konsoliderte musea har forskingsprosjekt, eller planar om slike. Både Forskingsrådet og Norsk kulturråd støttar i dag forskingsprosjekt ved musea.

Nokre av dei konsoliderte musea opplever at museumsreforma har ført til auka fokus på forskning, og at det no er større forventingar på å levera på dette området. På denne måten har museumsreforma hatt ein positiv effekt på forskinga hjå museet. Samtidig er det gjengs at ressursane ikkje strekk til for å driva forskning i den grad ein meiner ein burde. Dels må fagpersonar som skulle driva med forskning utføra andre inntektsbringande prosjektoppgåver. Ut frå tilbakemeldingane til KKD om museumsreforma frå årsskiftet 2008/2009, er det generelle biletet slik: Dei tre konsoliderte einingane som ikkje er samanslegne museum opplever utfordrande tider for si forskning på grunn av at ein er komen relativt dårleg ut av reforma økonomisk. Dei større, samanslegne musea melder om ei svak betring i vilkåra for forskning. Det er ei forventning om at reforma skal utløysa meir forskingsmidlar. Bergens Sjøfartsmuseum har tidlegare peika på at særleg forskinga er truga av vanskeleg økonomi. Museet melder i januar 2011 om auka forskning etter museumsreforma. Dette tyder på ei positiv utvikling i forhold til at museet i 2008/2009 melde til KKD at museumsreforma hadde ein negativ effekt på forskingsaktiviteten.

Bymuseet og Hardanger og Voss museum melder at reforma i noko grad har lagt grunnlag for auka forskning, og Museumssenteret i Hordaland trur denne effekten vil koma etterkvart. Bymuseet har oppretta to seniorrådgjevarstillingar med rom for forskning, og oppretta avdelingsleiarstillingar med forskingstid. Samhandlinga med universitetsmiljø og ulike høgskulemiljø er òg blitt styrkt. Hardanger og Voss museum satsar no meir av både pengar og ressursar på fleire forskingsprosjekt.

Av den totale kunnskapsproduksjonen musea i Hordaland leverer, er forskning i ordets rette forstand ein liten del. Gjennom arbeid med samlingar, utstillingar og anna formidling byggjer musea ein kunnskapskapital som har ein stor bruksverdi i samfunnet. Forsking er ein føresetnad for at musea skal kunne svara godt på det samfunnsoppdraget som planen stiller, og det er vesentleg at krava til vitenskapleg verksemd skal vera dei same i musea som i til dømes universitetsmiljøa. Skal kunnskapsproduksjonen ved musea løftast fagleg, trengst det meir ressursar til dette føremålet. Eit viktig tiltak vil vera å utvikla forpliktande samarbeid med universitet og høgskular. Regionalt forskningsfond bør også vera innretta slik at musea sine forskningsfelt er aktuelle satsningsområde for fondet.

### **3.9 Formidling**

Tendensen er at musea over tid bevegar seg sakte frå at dei har hatt eit noko innovervendt samlingsfokus til at dei tek ei tydelegare utovervendt rolle. Dette er i samsvar med signal frå styresmaktene, og også ei naturleg følgje av samfunnsutviklinga, der musea er deltakar i konkurransen om folk si fritid. Alle dei konsoliderte musea, og også mange av dei andre musea, har både basisutstillingar og skiftande utstillingar. Tradisjonelt er det først og fremst gjennom desse at musea vender seg til publikum, og framleis er det slik. Utstillinga "Miss Landmine" på Bymuseet i Bergen (2007) og Kunstmuseene si "BGO1" (2010) er døme på utstillingar som engasjerer publikum sterkt, og som gjer seg tydeleg gjeldande i offentlegheita.

Det er eit stort behov for oppgradering og utskifting av basisutstillingane, både i dei konsoliderte musea og dei som står utanfor. I *Statusrapport 2009* vert det også teke til orde for at den faglege kompetansen på utvikling av utstillingar bør styrkjast.

Bruk av digitale verktøy for formidling har eit formidabelt potensial, og musea må kunna seiast å vera i startfasen i høve å verkeleg ta dette i bruk. Alle dei konsoliderte musea har eigne heimesider. Nokre av desse er nytta som formidlingsarena, t.d. gjennom publisering av foto og annan informasjon. Det ligg moglegheiter i å knyta seg opp til nasjonale initiativ som Digitalt museum ([www.digitaltmuseum.no](http://www.digitaltmuseum.no)). Dette er ein nettstad der musea kan gjera samlingane sine tilgjengeleg på ein enkel og funksjonell måte, slik at samlingane vert opna for alle interesserte, uavhengig av tid og stad. Digitalt museum er utvikla av KulturIT med støtte av ABM-utvikling, i samarbeid med fleire



norske museum.

I *Statusrapport 2009* går det fram at musea no i relativt stor grad utvidar bruken av IKT i formidlinga, og at ein ønskjer å satsa endå meir på dette. Samtidig held ein oppe tradisjonelle informasjonskanalar, som tidsskrift og årbøker, til dømes *Fartøyvern* gjeve ut av Hardanger Fartøyvernssenter og *Sjøfartshistorisk årbok* gjeve ut av Bergens Sjøfartsmuseum.

For alle musea er born og ungdom ei viktig målgruppe, og fleire av musea har eit godt samarbeid med Den kulturelle skulesekken. Spelemidlane i Den kulturelle skulesekken vert tildelt fylkeskommunane, som fordeler ein del av midlane vidare til kommunane. Nokre av musea melder at dei fell utanfor opplegget til skulesekken, og etterspør difor ei justeringar av dagens opplegg.

Ungdommens fylkesutval har uttalt følgjande til spørsmålet om i kva grad musea tek opp tema som er interessante for ungdom: *"Faglig sett er musene interessante, men for ungdom generelt er det uinteressant. Dette skyldes nok liten kunnskap om hva som skjer og hvor det skjer."* Og følgjande til spørsmålet om korleis musea i større grad kan bli attraktive for ungdom: *"Musene kan gjøres mer attraktiv for ungdom ved å markedsføre seg selv spesielt mot ungdom. Utstillinger bør inneholde moderne kunst eller ting som interesserer dagens ungdom. Engasjerte og motiverte guider som evner å gjøre stoffet tilgjengelig. Det er altfor få utstillinger og museer som retter seg spesielt mot ungdom."* Til dette må det tilføyst at museumsstatistikken viser at musea er godt besøkt av born og ungdom.

### **3.10 Nettverk -fellestenester**

Eit viktig trekk ved museumsreforma er målet om å auka samarbeid og samhandling i museumssektoren. I *Statusrapport 2009* gjev eitt av musea døme på slike gevinstar: *"Større nettverk, større fagmiljø med faggrupper, fagleg nettverk på mange av dei fagfelte ein elles har måtta handtera åleine, større kompetanse, fleire medarbeidarar, hyggelege nye kollegaer, kjekke faglege samlingar, personalmøte der ein vert betre kjent med kollegaene sine arbeidsplassar. Fleire å rådføra seg med når ein skal skriva søknadar og liknande."*

Gjennom konsolideringar har mange museum oppnådd eit tettare fagleg fellesskap innanfor den konsoliderte eininga. Likevel er det avgjerande å også søkja fagleg samarbeid utanfor si eiga eining. Det er oppretta ei rekkje nasjonale faglege nettverk, og musea i Hordaland deltek aktivt i desse. Museum Vest har nasjonalt nettverksansvar for fagområdet fiskeri og kystkultur. Fleire museum er også med i internasjonale fagnettverk.

Det mest konkrete samarbeidsprosjektet på tvers av musea i Hordaland, er opprettinga av Bevaringstene. Dette er ei fellesteneste for alle dei konsoliderte musea i fylket, og vert driven av Museums-senteret i Hordaland, på Salhus, som er regionmuseum for Nordhordland. Dei konsoliderte musea har

alle gjort avtale om å gjera seg nytte av desse fellestenestene som gjeld magasinering av gjenstandar av særleg regional verdi. Magasina her begrensingar som gjer at ein ikkje kan ta imot gjenstandar over ein viss storleik. Tenesta er såleis ikkje høveleg for til dømes større industrigjenstandar. Kunstverk i kategorien papir og maleri fell også utanfor tilbodet.

Bevaringstenestene opplever ei utfordring med at ein skal ha denne fellesfunksjonen, samtidig som dei økonomiske rammene vert fastlagde av styret for den eine konsoliderte eininga, Museumssenteret i Hordaland, som også må tilgodesjå dei andre avdelingane i institusjonen. Det vil seia at midlar tildelt Museumssenteret i Hordaland i prinsippet også må betraktast som midlar til alle dei konsoliderte musea i Hordaland.

Eit anna viktig samarbeid er nettverk for privatarkiv i Hordaland. Dette nettverket vart etablert som ledd i samhandlingsplanen for privatarkiv. Dette nettverket omfattar Bergen byarkiv/Lokalhistorisk arkiv i Bergen (LAB), Bergens Sjøfartsmuseum, Hardanger og Voss museum, Interkommunalt arkiv i Hordaland, Museum Vest, Museumssenteret i Hordaland, Norsk vasskraft- og industristadmuseum, Statsarkivet i Bergen og Sunnhordland museum. Nettverket skal vere ein fagleg ressurs som skal bidra til kompetanseoverføring og informere om mottak av arkiv, drøfte innsamlingsplanar, faglege utfordringar, felles tiltak og samarbeidsformer. Nettverket er leia av fylkesarkivet og skal møtast to gonger i året.

Som del av Hordaland fylkeskommune sitt faglege nettverk for kulturminnevern er det tilsett bygningsvernkonsulentar for dette fagfeltet i fire av musea: Sunnhordland Museum, Hardanger og Voss museum, Bymuseet i Bergen og Museumssenteret i Hordaland. Desse utgjer eit fagnettverk mellom musea og regional og lokal kulturminneforvaltning. Konsulentane yter fagleg hjelp i sine respektive regionar både innafor musea, private, frivillig sektor og i næringslivet. Erfaringane frå denne ordninga har vore gode. Musea er sett i stand til å driva utovervendt arbeid og stiller sin kompetanse til rådvelde for andre. Det har vore stor etterspurnad etter desse tenestene og eit ønskje frå kommunar og muse om å styrkja denne typen samhandling mellom musea og samfunnet.

I *Statusrapport 2009* kjem det fram ei relativt stor interesse for å utvida repertoaret av fellestenester for musea. Fleirtalet av dei konsoliderte musea meiner det er behov for å utvikla fellestenester for IKT og marknadsføring. Det er også ein etterspørsel etter fellestenester for bevaring av større gjenstandar og kunstkategorien maleri og grafikk/papir, og ei fellesteneste når det gjeld det immaterielle kunnskapsfeltet, særleg handlingsboren kunnskap.

### **3.11 Kulturminnevern**

I Hordaland er kulturhistorisk arbeid på musea og kulturminnevernet to sektorar som står i nært samband med kvarandre. *Fylkesdelplan for museum 2003-2008* og *Fylkesdelplan for kulturminnevern*

1999-2010 hadde begge som mål å styrkja musea si rolle i kulturminnevernet. Som ei følgje av desse planane vart det oppretta stillingar som bygningsvernkonsulent ved fire av musea: Hardanger og Voss museum i 2000, Sunnhordland museum i 2002, Museumssenteret i Hordaland i 2005 og Bymuseet i 2006. I tillegg oppretta ein stilling som konservator i museumsfaglege spørsmål ved Museumssenteret i 2007. Fylkeskommunen tok initiativ til ordningane og har påteke seg hovuddelen av finansieringa i spleiselag med musea. Eigne avtalar regulerer forholdet mellom partane (museum og fylkeskommune).

Hovudmålsetting for ordninga var å sikra større lokal tilknytning og nærleik til saker i lokalsamfunna gjennom rådgjeving i kulturminnevern og museumsfaglege spørsmål. Konsulentane skulle yta fagleg hjelp i sine respektive regionar både innafor musea, til fylkeskommunen, kommunane, eigarar av kulturminne, ålmenta, skular, frivillig sektor og næringsdrivande.

Erfaringane frå ordninga har vore gode. Musea har stilt sin kompetanse til rådvelde for andre og har gjennom ordninga arbeidd utoverretta på ein ny måte. Bygningsvern er vorte meir synleg og tilgjengeleg, ein har bygd ny og viktig kunnskap og skapt nye haldningar til fagområdet. Særleg i kommunane har dette vorte ein god ressurs til stor hjelp i lokale saker. Ordninga har dessutan vore viktig for å hjelpe private tiltakshavarar med utforming av prosjekt og søking om stønad frå t.d. Norsk kulturminnefond. Det har vore stor etterspurnad etter desse tenestene og eit ønskje frå mange kommunar og museum om å styrkja denne typen samhandling mellom musea og samfunnet. Bygningsvernkonsulentane er dessutan del av eit sterkt fagnettverk mellom musea og regional og lokal forvaltning og har bidrege til auka samarbeid mellom ulike fagmiljø i Hordaland.

Ein vesentleg del av det regionale kulturminnevernet er også ivareteke av Bergen Museum sitt ansvar for forvaltning av dei omfattande samlingane. Museet sine arkeologar utfører dei fleste større utgravingsprosjekt i fylket, når arkeologiske kulturminne vert frigjevne.

I statleg forvaltning er ansvaret for dei to fagområda delt i ulike departement (museum: Kulturdepartementet og kulturminnevern: Miljøverndepartementet). Organisatoriske skilje har gjort at samordninga av feltet ikkje har vore optimal. I Hordaland fylkeskommune er forvaltingsansvaret for dei to fagområda sett i samanheng, mellom anna gjennom arbeidet i Kultur- og idrettsavdelinga. Liknande erfaringar frå både Hordaland og Oppland fylkeskommunar vert nytta som modell for betre nasjonal samordning av museumsfeltet og kulturminnevernet i samarbeid mellom Riksantikvaren og Norsk kulturråd.

Hordaland fylkeskommune har budsjettert med styrking av ordninga med bygningsvernkonsulentar frå og med 2010 og har sidan november 2009 arbeidd i samråd med kommunane med gjennomføring av prosjektet. Slutføring av nye og vidareføring av eksisterande avtalar vert gjort

gjennom førebauende drøftingar med dei ulike regionråda/ (Regionrådet for Nordhordland, Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Hardangerrådet, Busieness Region Bergen og Bergen kommune) og tingingar med dei enkelte kommunane.

Hordaland er mellom dei fylka som har størst aktivitet når det gjeld vern av fartøy som flytande kulturminne. Fleire av musea i fylket er fartøyeigarar, og eitt av dei tre nasjonale fartøyvernsentra (Hardanger fartøyvernsenter) ligg i fylket, som ei avdeling av Hardanger og Voss museum. Hordaland har såleis ein stor aktivitet både innan frivillig vernearbeid, istandsetting, rådgjeving og formidling. Den nyleg vedtekne Nasjonal verneplan for fartøyvern 2010-2017 gjev retningslinjer for at fylkeskommunane sitt ansvar for dette vert viktigare, og Hordaland fylkeskommune har vedteke igangsetjing av eigen handlingsplan på feltet.

### **3.12 Hordaland fylkeskommune si rolle**

Museumsreforma har endra tilhøvet mellom musea og forvaltninga. Musea må i større eller mindre grad forhalda seg til både kommune, fylkeskommune og stat både når det gjeld økonomi og andre forhold. Før reforma hadde fylkeskommunen eit særleg ansvar for drifta av musea. Gjennom "Tilskotsordninga for halvoffentlege museum" som fylkeskommunane forvalta på vegner av staten, og gjennom eigne fylkeskommunale tilskotsmidlar, var det fylkeskommunane som utforma museumspolitikken og sytte for drifta. Kommunal sektor hadde ikkje noko formelt ansvar for musea.

Hordaland fylkeskommune utvikla ein offensiv museumspolitikk på basis av denne tilskotsordninga. I 2002 var til dømes den statlege delen av tilskotet 16 millionar i Hordaland, medan det fylkeskommunale tilskotet var på 19 millionar, eit samla driftstilskot på 35 millionar til musea i fylket. Dette var resultatet av ein målmedviten fylkeskommunal museumspolitikk.

"Tilskotsordninga for halvoffentlege museum" vart avvikla frå 2004. Den statlege delen av tilskotet vart ikkje lenger overført til fylkeskommunane, men forvalta av ABM-utvikling. Museumsreforma medførte vidare eit auka statleg engasjement i museumspolitikken, men samstundes vart fylkeskommunane sitt ansvar og rolle på feltet mindre sjølvsgt.

I følgje musea gjev tre forvaltningsnivå noko meirarbeid, men det opnar også moglegheiter. I *Statusrapport 2009* vurderer dei konsoliderte musea no staten til å vera ein viktigare premissleverandør enn det fylkeskommunen er. At staten har kome tydelegare på banen i forhold til musea, har gjeve museumsutviklinga på landsbasis ei større kraft. Samtidig gjer dette det nødvendig for fylkeskommunen å tydeleggjera si rolle. Hordaland fylkeskommune har under og etter reforma satsa vidare på å støtta og utvikla musea, men det er trong for eit klarare regionalpolitisk samfunnsoppdrag og klarare forventningar frå Hordaland fylkeskommune til musea for å legitimera slik satsing.

For musea inneber den nye situasjonen at dei må forhalda seg meir aktivt til dei ulike forvaltningsnivåa. Samstundes som dette stiller større krav til søking og rapportering, byr det utvilsomt også på store høve for musea. Musea kan utfordra forvaltninga og visa kva dei kan tilby og medverka med når det gjeld kultur- og samfunnsutvikling. Det er då viktig for musea å vera medvitne om kva forventningar og behov dei ulike forvaltningsnivåa kan ha til dei, og i kva grad musea kan innta ei rolle som fyller behova. Gjennom å vera aktive kultur- og samfunnsinstitusjonar, vil musea ha store høve til å posisjonera seg for dette. Skjematisk kan me peika på følgjande ansvarsdeling mellom forvaltningsnivåa:

*Stat:*

Har ansvar for utvikling av nasjonale mål og overordna politikk. I tillegg vil staten til ei viss grad stå for samordning og nasjonal utjamning, kontroll, lovgjeving m.m.

*Fylkeskommune:*

Samordnar statleg, fylkeskommunal og kommunal politikk gjennom ansvaret for regional planlegging. Har eigne økonomiske ressursar, og kan samordna regional kompetanse og infrastruktur. Fylkeskommunane har eit regionalt utviklingsansvar og ser musea som viktige iverksetjarar av regionalpolitiske mål.

*Kommune:*

Står for lokal tilpassing av mellom anna kulturtilbod og kulturverksemder. Har ansvar for primær tenesteyting og vil i større grad kunna sjå på musea som tilbydarar av tenester. Musea kan tilby mange tenester retta mot lokalt kompetansebehov, ikkje minst ovanfor frivilleg sektor.

Bergen kommune har ei anna og utvida rolle samanlikna med dei andre kommunane, og tek til dømes eit stort ansvar for museumssektoren i Bergen, og med dette også eit regionalt ansvar gjennom dei tenester mange av museumsmiljøa i Bergen yter i regionane. Bergen kommune har også styrke litt å løfta større museumsprosjekt som primært er knytt til Bergen si historie og identitet. Bymuseet i Bergen si utvikling av Brannmuseet, er eit slikt tiltak som Bergen kommune må ta det økonomiske hovudansvaret for.

*Musea:*

For Hordaland fylkeskommune er det naudsynt å sjå på forventningane til musea i lys av det som særteiknar den regionale forvaltninga – ”den regionale logikken”. Fylkeskommunen har ein regional ståstad som på gunstig vis skapar tilstrekkeleg nærleik og samstundes høveleg avstand til å kunna arbeida med heilskap tufta på regionale særtrekk, føresetnader og føremoner. Fylkeskommunen kan målretta eigne økonomiske verkemiddel og samordna kompetanse i regionen. Vidare kan fylkeskom-

munen stimulera til og iverksetja sektorovergripande utviklingsarbeid og samarbeidstiltak.

Musea bør vera medspelarar i den regionale politikken. Dei er viktige forvaltarar av kunnskap, formidling og oppleving for innbyggjarane i fylket. Musea kan samarbeida med fylkeskommunen om konkrete oppgåver innan forskning, undervisning, kunst- og kulturformidling og kulturminnevern i vid forstand. Såleis kan musea vera sentrale partnerar og medhjelparar i oppfyllinga av regionale målsettingar. For musea inneber det ei utfordring å stå overfor tre ulike forvaltningsnivå. Mange museum peikar på at søking og rapportering bør samordnast forvaltningsnivåa imellom. Likevel er det klart at forvaltningsnivåa har ulik innretting, og basert på denne må ein stilla ulike krav og forventingar til musea.

Ein vil søkja å oppnå ei samordning for noko av rapporteringskrava til musea, men det vil likevel vera trong for rapportering som knyter seg til spesifikke kulturpolitiske forventingar frå dei ulike forvaltningsnivåa. Musea bør fokusera på dei høve det gjev for vekst og utvikling at dei som kultur- og samfunnsinstitusjonar i så stor grad er relevante for både kommune, fylkeskommune og stat.

## DEL C: MÅL OG TILTAK

### 4.0 HOVUDMÅL

Oppfølginga av Museumsplanen 2003-2008 vart prega av fokus på strukturelle og organisatoriske utfordringar i dei nye konsoliderte museumseiningane. Det vil vera nødvendig å halda fram organisasjonsutviklinga, og det vil vera tilfelle der strukturelle endringar bør gjennomførast - men føreliggjande plan prioriterer først og fremst styrking av fagleg utvikling og den utoverretta verksemda i musea. Musea må styrkja arbeidet med primæroppgåvene og byggja sin faglege profil. Samtidig skjenkjer samfunnsutviklinga nye utfordringar til musea, ikkje minst ved at det virtuelle rommet stig fram som ein svært viktig arena for musea. Fylkeskommunen kjem også til å støtta nye tiltak og prosjekt i perioden.

Hovudtrekka i museumsplanen er i tråd med staten sin museumspolitik. Samtidig gjev regionale og lokale behov og forhold grunnlag for tilpassing av eigne mål og tiltak. I ein periode har staten teke sterkare styring over museumsfeltet, og dette har gjeve fylkeskommunen ei anna rolle enn tidlegare. Hordaland fylkeskommune meiner at statleg styring på museumsfeltet ofte vert forma og praktisert utan tilstrekkeleg forankring i regionale forhold og gjer handlingsrommet for fylkeskommunen mindre. Fylkeskommunen må framover i sterkare grad nytta musea som tydelege partnarar for den regionale utviklinga.

Stortingsmeldinga *Framtidas museum* set opp dette målet: ”å legge til rette for å styrke den faglige dimensjonen i de enhetene som inngår i det nasjonale museumsnettverket. Nå skal utvikling av museene som museumsfaglige kunnskapssentra og solide organisasjoner prioriteres. Museene skal bli i bedre stand til å utvikle seg som profilerte samfunnsinstitusjoner.”

*Museumsplanen 2003-2008* hadde dette overordna målet: *Musea skal produsera og formidla kunnskap om menneskeleg liv og verksemd i Hordaland og medverka til refleksjon om fortid, samtid og framtid. For å kunna fylla rolla som kulturberarar og kulturformidlarar må musea styrkjast administrativt og fagleg.*

I *Statusrapport 2009* kjem det fram eit behov for å justera hovudmålet noko sidan målformuleringa kan verka å vera mest tilpassa dei kulturhistoriske musea, og ikkje kunstmuseum. Her er også tilbake-meldingar om at avgrensinga til Hordaland kan verka kunstig, og at det bør vera uttalt at musea skal

vera ein samfunnsaktør. Saman med føringane i *Framtidas museum* fører dette fram til følgjande hovudmål for Hordaland sin museumspolitik i perioden 2010-2015:

*Musea skal utviklast som sterke kunnskapssenter og organisasjonar, og vera profilerte samfunnsaktørar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid.*

#### **4.1 Oppsummering av tiltak**

I den vidare tiltaksdelen er det lista opp førtiseks ulike tiltak. Ein er i mange tilfelle avhengig av medverknad frå ulike partar, til dømes stat og kommunar. Gjennomføringa av museumsprosjekt er altså felles løft mellom musea, private støttespelarar og kommunar, staten og fylkeskommunen. I dei fleste tilfella er musea ansvarlege for prosjekta, og musea sin evne til å samla dei nødvendige støttespelarar vil vera avgjerande for realisering av tiltaka.

I ein del tilfelle er tiltaket ei utgreiing, slik at ei eventuell gjennomføring av prosjektet som skal utgreiast kjem i neste runde, og ikkje nødvendigvis i denne planperioden. Dette gjeld ikkje minst tiltaka som skal utgreia nye fellestenester. Behov for slike fellestenester er meldt inn frå dei konsoliderte musea, samtidig som det er eit samla og sterkt ønskje om at oppretting av nye fellestenester ikkje skal gå på kostnad av driftstilskota til musea. Det primære ønsket er at driftstilskota skal aukast. Hordaland fylkeskommune vil såleis prioritera fellesløysingar berre der det gjev synergi og ressursparande effekt for musea.

Handlingsprogrammet skal gjennomførast innanfor rammene av kvart årsbudsjett, og vert gjenstand for ei årleg rullering.

Dei høgst prioriterte tiltaka i planperioden er desse:

- Tiltak 1: Finansiering – drift og investeringar (s. )
- Tiltak 5: Styrking av regionale ansvarsmuseum (s. )
- Tiltak 8: Styrking av tematiske ansvarsmuseum (s. )
- Tiltak 14: Utvikling av kulturminnevern, bygningsvern og fartøyvern (s. )
- Tiltak 36: Etablering av Hardingfelesenter (s. )
- Tiltak 20: Etablering av Senter for industriarkiv og industrihistorie i Odda (s. )
- Tiltak 32: Felles plan for samlingsforvaltinga (s. )
- Tiltak 34: Forskingssamarbeid mellom Universitetet i Bergen og dei konsoliderte musea (s. )



## 5.0 FORNYING

Både når det gjeld drift og investeringar har musea i Hordaland store økonomiske utfordringar, og det er avgjerande at situasjonen vert vesentleg betra i løpet av planperioden, ved ei prioritering av auka driftsmidlar først. Dette må til for at musea skal kunna utføra sitt samfunnsoppdrag. *Museumsplanen 2003-2008* legg vekt på at musea i større grad bør ta aktiv del i samfunnet rundt seg, og setja kritisk blick på både fortid og notid. *Statusrapport 2009* viser at berre eit mindretal av musea meiner at dei i stor grad set saker på dagsordenen i sine omgjevnader. Det er også dei færreste som i stor grad blir kontakta, til dømes av media, for å koma med faglege kommentarar/innspele i samfunnsdebatten. Det er avgjerande å koma lenger på dette området. Det bør vera eit sentralt fokus i kvart museum å engasjera seg i samfunnet ikring. Dyrking av denne rolla vil òg ha økonomisk betydning for musea. Auka involvering utover bør gje sterkare synlegheit, og vidare større publikum og eigeninntekter. Truleg er det på dette området musea mest effektivt kan hevda sin rett i opinionen, og overtyda fellesskapet om at det er rett å bruka av fellesskapet sine midlar til museumsdrift.

### 5.1 Økonomi

#### **Delmål 5.1.1: Musea skal ha ein økonomi som set dei i stand til å kunna utføra sitt samfunnsoppdrag**

##### **Tiltak 1: Finansiering – drift og investeringar**

Dei ni konsoliderte musea melder for perioden 2010-2015 om eit omfattande behov for auka driftsmidlar. Behov og omfang treng nærare avklaring. Fylkeskommunen prioriterer dette i samråd med musea, og følgjer opp gjennom å kvantifisera behova. Ein tek sikte på å auka overføringane av driftsmidlar, allereie frå budsjettåret 2012. Musea må på si side gå gjennom organisasjonane og verksemda med tanke på å effektivisera institusjonane og målretta drifta. Det må vurderast ytterlegare stordriftsfordelar gjennom administrative fellesløysingar. Organisasjonsutvikling vil vera ei viktig og kontinuerleg oppgåve, og det er forventa at musea prioriterer dette innanfor dei auka driftsmidlane.

Dei ni konsoliderte musea har til planarbeidet meldt inn eit stort samla behov for investeringsmidlar for perioden 2010-2015. Dette er tentative tal som tek opp i seg både vedtekne planar, og tiltak og behov som er på eit tidleg skisseplan. Fylkeskommunen skal saman med kommunane og staten arbeida for at det skal skje ein auke i overføringane av investeringsmidlar.

Frå 2010 har fylkeskommunane det samla forvaltingsansvaret for spelemidlar til kulturbygg (med unntak av byggeprosjekt som har fått tilsegn før 1. januar 2010). Museumsbygg har tidlegare kunna fått tilskot frå tilskotsordninga for regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur. Denne ordninga vert fasa ut, og museum som er med i det nasjonale museumsnettverket vil kunna søkja om tilskot til museumsbygg innanfor løyvinga på statsbudsjettet kapittel 320, post 73 Nasjonale kulturbygg. Det er å forventa ein monaleg auke på denne posten retta mot museumstiltak.

Hordaland fylkeskommune har i budsjettet for 2011 oppretta ein eigen investeringspost for kulturhus/arenaer, som vil bli sett i samanheng med overføringar av dei statlege spelemidlane. Musea vil også kunne søkja midlar frå denne budsjettposten.

Gjennomføringsperiode: 2011-

Ansvar: staten, Hordaland fylkeskommune, kommunar, musea

### **Tiltak 2: Kulturelt utviklingsprogram (KUP)**

For Hordaland fylkeskommune er størstedelen av kulturbudsjettet bunde opp i faste tilskot, og ein har ønskt å styrka det kulturpolitiske utviklingsarbeidet med frie midlar til programsatsingar. Det skjer med Kulturelt utviklingsprogram (KUP), som var i funksjon frå 2010. KUP er innretta mot nokre klart definerte programsatsingar. Kvart program skal ha eigne målsetnader og milepælar. Programma skal ha politisk forankring, i utgangspunktet gjennom fylkeskommunen, men programmet vil gjerne kunna inngå i samanhengar med så vel statleg som kommunal politisk forankring. Ei programsatsing kan vera ei større satsing innanfor eit definert kulturområde, gjerne med fleire prosjekt og tiltak knytt til seg. Satsingane skal vera fagleg forankra, både internt i fylkeskommunen og gjennom partnerskap med andre, og skal skje innan ein definert tidsperiode. Musea i Hordaland kan søkja om midlar gjennom KUP føresett at ordninga vert styrka med eige finansierte programområde øyremerkt museumssektoren som oppfølging av handlingsprogrammet til planen.

Gjennomføringsperiode: Kontinuerleg

Ansvar: Hordaland fylkeskommune

## **5.2 Organisasjonsutvikling**

**Delmål 5.2.1: Musea skal utviklast som solide organisasjonar slik at dei best mogleg kan utføra sitt samfunnsoppdrag.**

### **Tiltak 3: Museumsstrukturen – vurdering av vidare konsolideringar**

Det er tydelege signal frå statleg hald om at det er ønskeleg med ytterlegare konsolidering. Avslutta prosessar har vore vellukka og både fylkeskommunen og kommunane merkar seg at det etter reforma

er etablert langt sterkare institusjonar som evnar å leggja betre strategiar, ta større løft og yta betydeleg meir til sine lokalsamfunn.

*Framtidas museum* inviterer til vidare konsolideringar, og ein kan forventa statleg økonomisk medverknad i slike prosessar. Ingen museum er konstante størrelsar, og ein må kontinuerleg vurdere strukturelle grep, til dømes utvidingar og samanslåingar. Det er avgjerande at slike endringar i Hordaland berre skal gjennomførast dersom det gjev ein fagleg og organisatorisk gevinst.

I Hordaland er det tre konsoliderte einingar som i lita grad har oppnådd nokon effekt av museumsreforma, og det er dei som ikkje er slegne saman av fleire tidlegare museum:

### **Baroniet Rosendal**

Baroniet Rosendal er eit freda kulturminne med nasjonal og internasjonal verdi, samtidig som det er ein utovervendt kulturinstitusjon med konsertverksemd, kunstutstillingar, servering og overnatting ved sida av museumstilbodet. Baroniet er knytta til Universitetet i Oslo, og eigd av Den Weis Rosenkroneske Stiftelse. Baroniet i Rosendal som institusjon er ulik dei andre konsoliderte musea, har større preg av å vera eit kulturminne, og er ei ferdig samling. I førre planperiode ønskte Baroniet ikkje å konsoliderast med andre – institusjonen meinte at denne løysinga ville gje ei økonomisk robust situasjon i høve offentlege tilskot. Etter museumsreforma har staten ikkje satsa på museum av denne storleiken.

Ei konsolidering ville ha gjort det lettare å forsvare auka driftstilskot. Planen legg likevel ikkje opp til at konsolideringsplanane vert ført vidare i planperioden. Om det på sikt viser seg hensiktsmessig at Baroniet Rosendal går inn i ei større museumseining, vil Sunnhordland museum vera det naturlege valet. Desse to institusjonane er mellom dei mindre konsoliderte musea og begge har trong for auka handlingsrom. Ein slik institusjon vil også gje Sunnhordlandsregionen eit felles og drivande museum. Å trekkja Baroniet ut av museums kategorien og sikra institusjonen gjennom tilskot som kulturminne vert vurdert som uaktuelt, mellom anna av di statlege kulturminnemidlar frå Miljøverndepartementet som hovudregel er øyremerkte istandsetting og vedlikehald og ikkje drift.

På grunn av si særstilling kan Baroniet Rosendal framleis vera ei eiga museumseining, og ha status som eit spesialmuseum. Samtidig bør Baroniet styrkja samarbeidet med andre museum innan kunstfeltet, i første rekkje Kunstmuseene i Bergen og Kabuso/Ingebrigt Vik museum (Hardanger og Voss museum), mens ein framleis dyrkar samarbeidet med Sunnhordland museum.

### **Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum**

Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum konsentrerer verksemda si rundt forvaltning av industriarven i Odda og i Tyssedal. Museet har nasjonale oppgåver på feltet, er hovudsamarbeidspartnar i NVE si museumsordning, og har i oppgåve å fokusera på vatn og vassdrag som kraftkjelde, vassdragsvern og

konsesjonsbehandling. NVIM driv også forskning på og formidling av industristaden, og korleis vasskraftproduksjon og kraftkrevjande industri påverkar samfunnet. På grunn av sitt distinkte samfunnsoppdrag og tilknytning til NVE, er det tenleg at NVIM framleis er ei eiga museumseining, eit spesialmuseum innan sitt fagfelt.

Museet bør utvida sitt geografiske verksemdsområde, i første omgang til å også omfatta industristaden Ålvik. NVIM må gjennom ein samarbeidsavtale få eit fagleg ansvar for Industriarbeidarmuseet i Ålvik. Samtidig bør NVIM få eit museumsfagleg ansvar for arbeidet med dei mellombels freda kraftanlegga i Ålvik. Samarbeidet med Hardanger og Voss museum må styrkast.

På sikt bør ein vurderer om NVIM skal konsoliderast med Hardanger og Voss museum, mellom anna for å skapa eit sterkare nasjonalt museum i Hardanger. Ein legg ikkje opp til at samanslåing vert gjennomført i denne planperioden. NVIM er eit uferdig prosjekt der ein bør prioritera løysing av oppgåver i samband med verdskulturminna i Odda og Tyssedal. I etableringsfasen er det ein føremon å ha eit klårt fokus på oppbygging. Det økonomiske omfanget av prosjektet inneber utfordringar som ikkje utan vidare bør knytast til dei øvrige musea i Hardanger.

### **Bergens Sjøfartsmuseum**

Bergens Sjøfartsmuseum har sitt arbeidsfelt innan bergensk, norsk og internasjonal sjøfartshistorie, og driv sjøfartshistorisk forskning. Museet har i ei årrekkje vore eit nasjonalt tyngdepunkt for dette temaet. Museet forvaltar vidare marine kulturminne i Hordaland, Sogn og Fjordane og på Sunnmøre. Trass i sitt store faglege ansvarsområde, er Bergens Sjøfartsmuseum eit av dei minste konsoliderte musea i Hordaland, målt i stillingar, besøk og økonomi.

Bergens Sjøfartsmuseum vert på grunn av si særstilling som sjøfartsmuseum oppretthalde som eiga museumseining.

Gjennomføringsperiode: 2011-2012

Ansvar: staten, Hordaland fylkeskommune, museum

### **Tiltak 4: Museum utanom dei konsoliderte musea – samarbeidsordningar**

Hordaland har tre større museum/kunnskapsinstitusjonar som rapporterer til ABM/utvikling/Norsk kulturråd, og som ikkje er ein del av dei ni konsoliderte musea: Bergen Museum, Akvariet i Bergen og Vil Vite. Bergen Museum vert omhandla særskilt seinare i planen.

Hordaland fylkeskommune ser det som viktig at Akvariet i Bergen inngår i statlege planar for formidling av marinekunnskap, og at det har eit fagleg samarbeid med dei konsoliderte musea. I samband med framtidige planar for Akvariet er det aktuelt å vurderer ei samlokalisering med det planlagte na-

sjonale museet for kyst og hav.

Vil Vite er blitt ein sentral bergensk kunnskapsinstitusjon som må sikrast eit langsiktig driftsgrunnlag som ledd i ei statleg satsing på vitensenter. Også denne institusjonen bør ha faglege samarbeidsordningar med dei konsoliderte musea.

Lokale museum og samlingar (inkl. private museum som er eit kommunalt ansvar) som ikkje er del av konsoliderte einingar, vil i utgangspunktet ha tre alternativ for organisering:

- 1 Kommunen/private driv museet/samlinga.
- 2 Kommunen inngår ein samarbeidsavtale med eit regionalt ansvarsmuseum, som får eit museumsfagleg ansvar for museet. Kommunen betaler for denne tenesta.
- 3 Museet vert teke inn i eit konsolidert museum. Ei konsolidering vil få konsekvensar for omfanget av driftsmidlar til det konsoliderte museet, og må såleis behandlast politisk av Hordaland fylkeskommune.

Enkelte mindre museum vil i planperioden kunna nå ein slik fagleg og økonomisk standard at dei kan gå i forhandlingar med eit konsolidert museum om å bli tekne inn her. Eit krav vil vera at museet har ein økonomi som gjer det forsvarleg for den konsoliderte eininga å ta over ansvaret for museet. Nokre slike prosessar er allereie i gang. Espeland fangeleir og Gunnar Michelsens samlingar må i løpet av planperioden verta ein del av Museum Vest. Stiftelsen Norsk handelsmuseum og Norsk reklamemuseum er på veg inn i Museum Vest. Bjørn West og Ådnatun er på veg inn i Museumssenteret i Hordaland. Museet Gamle Vossebanen må finna sin plass i Museumssenteret i Hordaland, eventuelt i Voss folkemuseum/Hardanger og Voss museum som ein del av ei jarnbanesatsing saman med Rallarmuseet på Finse. Døme på andre museumstiltak som er potensielle for konsolideringsprosessar er Årskog bygdemuseum (Fitjar), Fartein Valen-museet (Sveio), Røldal bygdemuseum (Odda), Magnus Dagestad-museet (Voss).

Likeeins må det vurderast om forvaltning og formidling av fleire av Fortidsminneforeningen sine eigdommar kan styrkjast i samarbeid med konsoliderte museum. Dette gjeld Stranges Stiftelse (Bergen), Nonneseter klosterruin (Bergen), Holdhus gamle kyrkje (Fusa), Moster gamle kyrkje (Bømlo), Finnesloftet (Voss), Lydvaloftet (Voss) og Bu frå Ullestad (Voss).

Gjennomføringsperiode: 2011-

Ansvar: Kulturdepartementet, Hordaland fylkeskommune, regionmusea, kommunar

### **5.3 Regional og fagleg rollefordeling**

**Delmål 5.3.1: Museumspolitikken skal forankrast i regionale forhold. Gjennom styrking av regionale ansvarsmuseum og tydeleggjering av den regionale rolla, skal alle museumsverksemdar i Hordaland få eit fagmiljø å forhalda seg til. Som ein del av dette, må det skje ei formalisering og styrking av det kommunale engasjementet på museumsområdet.**

### **Tiltak 5: Styrking av regionale ansvarsmuseum**

Nokre av dei konsoliderte musea har i dag roller som regionmuseum, og yter mellom anna museumsfagleg, bygningsvern fagleg og båt- og fartøyvern fagleg rettleiing i sine område. Dette systemet skal breiast utover heile Hordaland, og gjerast tydelegare og meir forpliktande. Fem av dei konsoliderte musea vert regionale ansvarsmuseum, og skal styrkjast slik at dei kan fylla denne rolla. Her vil Hordaland fylkeskommune ta eit økonomisk ansvar, under føresetnad av at kommunane som skal motta tenester frå dei regionale ansvarsmusea er med i eit spleiselag. Berre dei kommunane som går inn på ein slik avtale, vil vera ein del av ordninga.

Regionråda i fylket vil vera kanalen for å få i stand slike avtalar, og Bergen kommune vert koordinator for dei kommunane som vil sokna til Bymuseet i Bergen. Voss, som ikkje er med i noko regionråd, vert sett saman med Hardanger. Det er viktig å påpeika at denne inndelinga er eit utgangspunkt. Museum i enkelte kommunar vil kunna finna det naturleg å venda seg til eit regionalt ansvarsmuseum utanfor dette skjemaet, og det må vera rom for å oppretta samarbeidsavtalar som møter slike behov.

Ein stor del av musea i Hordaland vil gjennom planperioden framleis stå utanfor dei konsoliderte einingane. Desse skal no finna ei fagleg hamn i sitt ansvarsmuseum, og kunna søkja vegleiing her.

At desse fem musea får eit slikt regionalt ansvar, skal ikkje gå på kostnad av den faglege satsinga og profilen musea har. Sjølv om musea skal ha eit museumsfagleg ansvar for eit geografisk område, skal dei utvikla seg også innan sine tematiske felt. Dei bør ha sterke roller i nasjonale museumsnettverk, og kan også ta tematisk ansvar utanfor sin region. Til dømes skal Museum Vest framleis ha eit koordinerande ansvar for krigs-, okkupasjons- og forsvarshistorie. Dei utvida oppgåvene dei regionale ansvarsmusea får, skal ha dekning i auka løyvingar, slik at musea skal koma styrka ut, både økonomisk og fagleg. I kva grad det vil vera hensiktsmessig å profilera seg som regionale ansvarsmuseum, vil vera ulikt frå museum til museum. Hovudsaka er å innføra eit praktisk system som legg trygge museumsfaglege rammer for heile fylket.

Å styrkja dei musea som tek på seg oppgåver som regionale ansvarsmuseum, er også eit svar på dei utfordringane som demografiske endringar i Hordaland fører med seg. Til dømes er det kraftig vekst i folketalet i kommunar nord og vest og sør for Bergen. Å sikra velfungerande museum for innbyggja-

rane i Sotra, Øygarden, Os, Stord og nordhordlandskommunane er ei viktig oppgåve. Musea vil også vera ei kraft når ein skal handtera utfordringar knytte til folketalsnedgang og trong for utvikling i andre delar av fylket, t.d. Hardanger.

Det er fylkeskommunen og kommunane som bestiller frå musea kva for tenester dei skal yta som regionale ansvarsmuseum. Dette kan variera frå område til område, men i utgangspunktet vil følgjande vera kjerneoppgåver:

- Dei regionale ansvarsmusea skal yta museumsfagleg, bygningsvern fagleg og/eller båt- og fartøyvern fagleg rettleiing i regionen, både til frivillig sektor, private bedrifter og det offentlege
- Dei regionale ansvarsmusea skal utvikla det kultur- og naturhistoriske arbeidet i regionen
- Dei regionale ansvarsmusea skal produsera vandreutstillingar som turnerer i regionen
- Dei regionale ansvarsmusea skal vera base for praktisk kulturminnevern i regionen

Her må musea vera i stand til å kombinera tematisk ansvar med regionale oppgåver.

Desse musea skal ha status som regionale ansvarsmuseum:

#### **Museum Vest**

Regionalt ansvarsmuseum for kommunane Askøy, Fjell, Sund, Øygarden.

Kontaktledd: kommunane

#### **Bymuseet i Bergen**

Regionalt ansvarsmuseum for Bergen, Fusa, Os, Samnanger \*

Kontaktledd: Bergen kommune

#### **Hardanger og Voss museum**

Regionalt ansvarsmuseum for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang, Ulvik, Voss. Kontaktledd til kommunane: Hardangerrådet

#### **Museumssenteret i Hordaland**

Regionalt ansvarsmuseum for kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Radøy, Osterøy, Vaksdal. \*

Kontaktledd til kommunane: Regionrådet Nordhordland

#### **Sunnhordland museum**

Regionalt ansvarsmuseum for kommunane Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio,

Austevoll, Tysnes.

Kontaktledd til kommunane: Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

\* Bakgrunnen for at kommunane Fusa, Os og Samnanger vil sokna til Bymuseet i Bergen, er den historiske rolla avdelinga Hordamuseet har spela som hovudmuseum og kompetansesenter for desse kommunane. Vaksdal kommune har også hatt eit slikt tilhøve til Hordamuseet, men har etablert eit godt interkommunalt samarbeid med kommunane i Nordhordland, og ønskjer å ha Museumssenteret i Hordaland som regionalt ansvarsmuseum.

Gjennomføringsperiode: 2011-2012

Ansvar: Hordaland fylkeskommune, kommunar, regionmusea

### **Tiltak 6: Ivaretaking av frivillig sektor**

Frivillig aktivitet er ein vesentleg ressurs på museumsfeltet, og ein byggjestein for andre tiltak på kulturområdet. I samspelet mellom musea og den kulturhistorisk interesserte ålmenta er det difor grunn til å setja inn tiltak for å løysa ut maksimalt av dei potensielle vinstane.

Frivillig sektor er særleg eit lokalt ansvar for kommunane, men den fylkeskommunale museumspolitikken har høve til å ta nyttige grep på området. Etablering av dei regionale ansvarsmusea er Hordaland fylkeskommune sin hovudstrategi for å ivareta desse utfordringane. Ein vil opna opp for at ikkje-konsoliderte museum og samlingar kan levera gjenstandar til dei regionale ansvarsmusea, som vidare kan vurdere å søkja Bevaringstenestene om konservering og oppbevaring. Dette vil kunna inngå i oppdraget det regionale ansvarsmuseum tek på seg overfor kommunane. Omfanget må avpassast i forhold til magasinkapasitet, og i forhold til dei økonomiske rammene som blir lagt av fylkeskommunen og kommunane i fellesskap.

Fylkeskommunen vil også leggja til rette for frivillige organisasjonar gjennom tilskot og fellestenester. Frivillige tiltak skal inngå i ei heilskapleg planlegging av ABM-sektoren basert på rollefordeling, og kunna oppretta samarbeidsordningar med regionale og tematiske ansvarsmuseum.

Gjennomføringsperiode: Kontinuerleg

Ansvar: Hordaland fylkeskommune, kommunar, regionale ansvarsmuseum, frivillige organisasjonar

### **Tiltak 7: Styrking av Hordaland fylkeskommune si rolle overfor musea**

Forvaltning av vedteken museumspolitik er mellom dei viktigaste arbeidsområda på kultur- og idrettsfeltet i Hordaland fylkeskommune. Dagens statlege styring på museumsfeltet vert utforma og praktisert utan tilstrekkeleg forankring i regionale forhold og gjer handlingsrommet for fylkeskommunen



mindre (jfr Fråsegn til evaluering av ABM-utvikling, fylkesutvalet 27.08.2008).

Med sin kjennskap til museumsarbeidet i Hordaland, må Hordaland fylkeskommune ta ei sterkare styring med museumsfeltet i fylket. Som ei følge av endringane i både statleg og regional museums- politikk er det viktigare enn før å samordna musea si regionale rolle med ulike sektorar (kultur- og idrett, opplæring, regional utvikling mv). Forvaltning av museumsfeltet har i mange år vore gjennomført utan øyremerkte ressursar i fylkeskommunen. Det er difor på nødvendig at ein styrkjer kapasiteten på museumsfeltet.

For å kunna gje fylkeskommunen ei meir aktiv rolle i forhold til musea, vert det oppretta ei stilling som museumsrådgjevar i Hordaland fylkeskommune. Det er etablert faste dialogmøte mellom musea og Hordaland fylkeskommune.

Musea har meldt tilbake eit behov for å harmonisera musea si rapportering til stat/fylke/kommune, og det skal vera ei prioritert oppgåve å finna meir effektive løysingar på dette området. Det er viktig å peika på at Hordaland fylkeskommune knyter regionalpolitiske føringar og forventingar til sine løyvingar til musea og forventar at musea rapporterer på dette. På dei felt som vert dekkja i innrapportering til ABM-utvikling/Norsk kulturråd, kan Hordaland fylkeskommune leggja desse rapporteringane til grunn.

Gjennomføringsperiode: 2012

Ansvar: Hordaland fylkeskommune

### **Delmål 5.3.2: Faglege ansvarsmuseum skal ha klart definerte roller i museumslandskapet**

#### **Tiltak 8: Styrking av tematiske ansvarsmuseum**

Kunstmuseene i Bergen, Norsk vasskraft- og industristadmuseum og Baroniet Rosendal har kvar sine tydelege tematiske spesialområde, og som tematiske ansvarsmuseum skal dei tre musea ha eit fagleg ansvar for desse tema over heile fylket. Definerings av kvart av musea sine tematiske oppgåver, og rolledeling mellom tema og geografi er ei vesentleg arbeidsoppgåve i tiltaket, og må utførast i samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, kommunar og dei tematiske ansvarsmusea. For å kunna utføra oppdraget som tematiske ansvarsmuseum må musea styrkjast.

#### **Kunstmuseene i Bergen**

Museet opererer innanfor fagområda biletkunst, arkitektur, design og musikk, og har avdelingane Edvard Grieg Museum Troidhaugen, Siljustøl Museum, Museet Lysøen, Permanenten Vestlandske Kunstindustrimuseum og Bergen Kunstmuseum, altså tre komponistheimar, eitt kunstindustrimuseum og eitt kunstmuseum. Kunstmuseene inneheld sterk internasjonal kompetanse

innan kunstfeltet, og skal i planperioden etablere ein regional nav-funksjon innan felta biletkunst, arkitektur, design og komponistheimar. Gjennom dette vil museet i sterkare grad kunna fungera som ein fagleg støttespelar og vera med på å utvikla ein infrastruktur for andre museum som arbeider innan desse felta i Hordaland. For at dette skal vera mogleg, må museet styrkjast økonomisk.

Bergen kommune har eit særleg økonomisk ansvar for den største eininga i Kunstmuseene: Bergen kunstmuseum. Auka økonomiske overføringar frå Hordaland fylkeskommune til Kunstmuseene i Bergen, skal hengja saman med ei styrking av den regionale rolla til Kunstmuseene.

### **Norsk vasskraft- og industristadmuseum**

Som nemnt i kapitlet *Museumsstrukturen – vidare konsolideringar* må NVIM utvida sitt geografiske verksemdsområde, og museet må dermed styrkast økonomisk i forhold til dette. Museet skal halda fram å byggja kompetanse innan sine kjerneområde: vasskraft, industri, industristad og vera ein viktig kompetanseberar i forvaltning og formidling av denne industriarven i heile fylket.

### **Baroniet Rosendal**

Baroniet har ein stor aktivitet som kulturoperatør, som saman med det unike anlegget og kulturlandskapet gjer at dette er eit særmerkt museum. Verksemda med kunst- og kulturarrangement må framleis vera ein viktig del av Baroniet sitt virke, samstundes som ein styrkjer den museumsfaglege delen gjennom samarbeid med andre museum.

Gjennomføringsperiode: 2012-2013

Ansvar: staten, Hordaland fylkeskommune, kommunar, museum

### **Tiltak 9: Klargjering av Bergen Museum si regionale rolle**

Bergen Museum er eit universitetsmuseum der innsamling, samlingsforvaltning, forskning og formidling er dei sentrale oppgåvene. Fagfelta er antropologi, arkeologi og kunst- og kulturhistorie, botanikk, geologi og zoologi. Bergen Museum har nokre av landets største samlingar innan kultur- og naturhistorie, og er med sine 112,3 årsverk det største museet i Hordaland.

Som statleg universitetsmuseum ligg Bergen Museum utanfor Hordaland fylkeskommune sitt ansvarsområde. Ved at museet ikkje er ein del av det nasjonale museumsnettverket til KKD fell det utanfor ein del av dei samanhengane der dei konsoliderte musea i Hordaland samarbeider. Med si forankring i Universitetet i Bergen, er museet ein viktig ressurs for å styrkja forskingsrelaterte aktivitetar ved dei konsoliderte musea.

Det bør framover skje ei auka tilnærming, og ei bevisstgjerung om at Bergen Museum som eit regionalt kompetanse- og formidlingssentrum skal ha ei sentral rolle blant dei andre musea i fylket. Museet bør i større grad inngå samarbeidsavtalar med Hordaland fylkeskommune, kommunar og konsoliderte

museum.

Gjennomføringsperiode: 2012-2013

Ansvar: Universitetet i Bergen, musea

## 5.4 Nasjonalt og internasjonalt samarbeid

**Delmål 5.4.1: Det skal stimulerast til samarbeid og nye tiltak som kan styrka dagens museumsarbeid nasjonalt og internasjonalt.**

### **Tiltak 10: Museum får ansvar for formidling av verdsarv**

Hordaland har to representantar på UNESCO si verdsarvliste: Bryggen i Bergen og delar av Vestnorsk fjordlandskap (Voss). I tillegg står kraftanlegget Tyssø I og Odda smelteverk på tentativ liste for norsk verdsarv. UNESCO sin konvensjon for vern av verda si kultur- og naturarv (Verdsarvkonvensjonen 1972) strekar under ansvaret for å sikre *effektive tiltak for vern, bevaring og formidling*. I dag har ingen av dei sju norske verdsarvstadene eigne formidlingssenter, men Miljøverndepartementet arbeider med å forma statleg politikk på feltet.

I Hordaland er formidlinga av Bryggen og framtidig verdsarv i Odda allereie knytta til konsoliderte museumseiningar (Bymuseet, Museum Vest og NVIM). Det er naturleg at vidare utvikling tek sikte på å styrkja dei etablerte strukturane og at det følgjer økonomi med dette oppdraget. Bymuseet har også ansvar for Lepramuseet, som er ei avdeling i museet, og eit "UNESCO Memory of the World".

Ansvaret for formidlinga av verdsarvstaden Bryggen vert lagt til Bymuseet i Bergen og Museum Vest. Det vert forventa at musea utviklar ein felles strategi for formidlinga av verdsarvstaden, med ei arbeids- og ansvarsdeling som gjev ei optimal utføring av oppdraget. Samarbeid om formidling må vera tufta på avtalar mellom institusjonane og andre miljø, til dømes Universitetet i Bergen, Stiftelsen Bryggen og Bryggen private gårdeierforening.

Det er naturleg å samordna formidlinga av Vestnorsk fjordlandskap (Voss) med Nærøyfjorden verdsarvpark som er etablert i Sogn og fjordane, og Hardanger og Voss museum får formidlingsansvar frå Hordaland si side. Om Odda smelteverk og Tyssø 1 får verdsarvstatus, må Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum tilleggjast formidlingsansvaret. Sistnemnde prosess skal etter planen slutførast i 2014.

Det er føresett at dette tiltaket vil ha ei eiga finansiering, med sterk statleg medverknad.

Gjennomføringsperiode: 2011-2012

Ansvar: staten, kommunar, Bymuseet i Bergen, Museum Vest, NVIM

### **Tiltak 11: Vidareutvikling av økonomuseum (Economuseè)**

Eit økonomuseum (Economusee) er ikkje eit museum i vanleg forstand, men ei levande handverksverksemd der ein i tillegg får ei kunnskapsoppleving ved at handverkstradisjonane og den historiske samanhengen vert synleggjort gjennom ei trinnvis oppbygd utstilling. Eit økonomuseum gjev auka verdiskaping og status for handverksverksemder og ivaretek handverket som ein levande kulturarv. Fire verksemder i Hordaland tek del i ENE-Economusee-prosjektet. Første fase er under slutføring. Hordaland fylkeskommune har vedteke at trinn to skal setjast i gang, med oppstart 1.april 2011 og avslutning 31.des. 2013, under føresetnad av EU-finansiering. Det er vektlagt at dei etablerte musea i fylket vert meir involverte i vidareføringa av prosjektet og at ein i samspel med museumssektoren finn ein modell for framtidig organisering.

Gjennomføringsperiode: 2011-2012

Ansvar: Hordaland fylkeskommune, musea, Economusee

### **Tiltak 12: Stimulera musea til å ta del i internasjonalt arbeid**

I Hordaland fylkeskommune sin internasjonale strategi seier visjonen at fylket skal ha eit aktivt internasjonalt engasjement med sikte på å fremja gjensidig kulturforståing og styrkja Hordaland som ein attraktiv og konkurransedyktig region. Dette korresponderer med måla i EU sitt kulturprogram:

- Grenseoverskridande samarbeid mellom menneske som jobbar i kultursektoren
- Utveksling av kunst og kulturuttrykk
- Interkulturell dialog.

Musea skal ha ei viktig rolle i det internasjonale arbeidet, med det føremål å heva kvaliteten på musea gjennom å utveksla kunnskap, kompetanse, teknologi etc. Musea bør engasjera seg i EU-prosjekt, som også kan ha finansiering i seg.

Hordaland fylkeskommune har inngått venskapsavtalar med regionar i fleire land, m.a. Orknøyane, Skottland, Nedre Normandie i Frankrike, Sør-Wales, Kaunas i Litauen og Türingen i tidlegare Aust-Tyskland. Desse kan gje gode høve til samarbeid, men det er naturleg at musea søker samarbeid der det er fagleg relevant. Å heva kompetansen på internasjonale samarbeid og ordningar er ei spesiell oppgåve for fylkeskommunen. Hordaland fylkeskommune vil tydeleggjera sin internasjonale strategi i samband med Regionalplan for kultur, og gå i dialog med musea om dette.

Hordaland fylkeskommune vil ta initiativ til etableringa av ei faggruppe for Vestlandet si internasjonale historie, med samarbeid mellom Universitetet i Bergen og aktuelle høgskular, musea,

kommunar og fylkeskommune. Dette vil kunne gje grunnlag for utvikling av partnerskap i høve EU-prosjekt og søknader til Regionalt forskningsfond.

Gjennomføringsperiode: Kontinuerleg

Ansvar: Norsk kulturråd, Vestnorsk Brüsselkontor, Hordaland fylkeskommune, musea

### **Tiltak 13: Etablering av nettverk for mellomalderkloster og pilgrimskyrkjene på Vestlandet**

Halsnøy kloster og stavkyrkja i Røldal er døme på sentrale religiøse institusjonar som er verdfulle kulturminne og historiefortejarar i ein både nasjonal og internasjonal samanheng.

Det skal etablerast eit nettverk for mellomalderklostra og pilgrimskyrkjene på Vestlandet, der Sunnhordland museum vert ein sentral aktør.

Gjennomføringsperiode: 2012-2013

Ansvar: Sunnhordland museum, Hordaland fylkeskommune

## **6.0 FORVALTNING**

Det må koma eit auka fokus på samlingane til musea, og ei sterkare prioritering av arbeidet med den immaterielle kulturarven og samtidsdokumentasjon. Musea skal ha handlekraft i samband med akutte eller uføresette situasjonar i samfunnet, der museumseksptise bør gå inn og sikra samtidsdokumentasjon og raskt leggja grunnlag for eventuelt vernearbeid.

Musea må setjast i stand til å fungera som aktuelle og relevante institusjonar i ein digital røyndom. Dette er eit arbeid kvart enkelt museum må prioritera, og det må skje gjennom samarbeid både regionalt og nasjonalt. Musea i Hordaland må ha som mål å vera i fremste rekkje nasjonalt på det digitale området.

Bevaringsteneste ved Museumssenteret i Hordaland er ei viktig fellelessatsing for musea i fylket, og må vidareutviklast. Samtidig er det slik at Bevaringsteneste ikkje møter alle dei behova som finst for gjenstandsbevaring ved musea i Hordaland. Det er særleg tre gjenstandsgrupper som fell utanom, og som bør få merksemd i planperioden: Større gjenstandar, fotografi, og kunst i kategorien maleri og grafikk/papir.

### **6.1 Sikring og bevaring av samlingar og kulturminne**

## **Delmål 6.1.1: Musea skal styrkast i arbeidet med kulturminnevern, bygningsvern og fartøyvern.**

### **Tiltak 14: Utvikling av kulturminnevern, bygningsvern og fartøyvern**

Stortingsmelding nr 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner* gjev musea høve til å ta ei aktiv rolle i å følgja opp den nye kulturminnepolitikken. Dette er ei viktig oppgåve som støttar opp om musea si rolle som kunnskapsforvaltar og samfunnsutviklar, og utviklar eit felt som ein har erfaringar med i Hordaland, der musea allereie er ei viktig drivkraft i det samla kulturminnevernet.

Korresponderande med behova innan det generelle kulturminnevernet, er musea sine behov når det gjeld bygningsvern på eigne bygg, og også båt og fartøy. Musea opplever store utfordringar i å ta vare på desse omfattande samlingane. Til saman gjev dette ein stor trong for fagleg kompetanse innan antikvarisk bygningsvern og fartøyvern, både i musea og ute i regionane.

Av 33 kommunar i Hordaland har berre Bergen kommune eiga kulturminneavdeling (Byantikvaren). Ingen av dei andre kommunane har eigne kulturminnevernstillingar. Det gjev eit sårbart kulturminnevern på lokalt nivå. Med betre kulturminnekompetanse i kommunane kan feltet handterast og utviklast betre på lokalt nivå. Gjennom sitt ansvar på kulturminne- og museumsfeltet er fylkeskommunane sett i ei særstilling for å gjennomføra slik samordning. Styrka samband mellom musea og lokal forvalting på kulturminnefeltet har mange føremoner. Auka kompetanse kan føra mange saker over frå å vera rein lovheimla forvalting til å bli interessante lokale utviklingsoppgåver – anten som bygningsverntiltak, formidling, tilrettelegging til ny bruk eller utviklingsprosjekt i skjæringsfeltet med andre sektorar (t.d. kulturminnevern og verdiskaping, ny bruk av gamle landbruksbygg, bulystordninga, den kulturelle skulesekken m.v.).

Det er ikkje realistisk å forventa at mindre og mellomstore kommunar prioriterer eigne stillingsheimlar til kulturminnespørsmål. Planen går difor inn for at dagens ordning med bygningsvernkonsulentar skal byggjast ut slik at alle kommunar og alle innbyggjarar i fylket får tilgang til same teneste. Stillingane som alt er oppretta har delt innsatsen mellom museumsinterne oppgåver og eksterne oppdrag i om lag to like delar. Det er forventa at stordelen av kapasiteten i den vidareførte ordninga er tilgjengeleg utanfor musea.

Gjennomføring krev dermed at musea i større grad enn før rettar sine ressursar utover og tek ei sterkare samfunnsrolle. Det er også ein føresetnad at kommunane tek sin del av finansieringa av tiltaket som må vera tufta på eit klart og tydeleg samfunnsoppdrag. Oppdraget skal formast av fylkeskommune og kommunar i fellesskap og rettast til musea. Det er eit viktig prinsipp i ordninga at musea skal vera ein kompetanseberar og ressurs, men dei skal ikkje utføra noko form for lovheimla forvalting. Dette ligg i

offentlege organ. Kommunar og fylkeskommune hentar inn råd og vegledning i enkeltsaker frå musea, og fattar lovheimla vedtak eller innrettar sine budsjett i høve prosjekt.

I tillegg til at ein spreier kulturminnekompetanse ut til kommunane, har ordninga også ei viktig målsetting som spring ut frå behovet for betre samlingsforvaltning i musea. Mange av institusjonane har omfattande interne bygningsvernoppgåver. I Hordaland merkar Bymuseet i Bergen, Sunnhordland museum, Hardanger og Voss museum og Museumssenteret i Hordaland seg ut gjennom sine store bygningssamlingar med høg kulturminneverdi. Agatunet, Alvøen, Damsgård, Gamle Bergen, Havråtunet, Sæbøtunet og Ådlandsstova er slike døme. Desse kan berre sikrast dersom musea har høg kulturminnekompetanse. Forvaltninga av bygningssamlingane er i dag ujamn både når det gjeld materialval og handverksteknikkar. Det bør stillast klare forventingar til musea si forvaltning av eigne bygningssamlingar, då desse i høg grad ikkje vert handsama etter noko lovverk. Forvaltninga av musea sine bygningssamlingar skal gjerast etter ei målsetjing om beste praksis, jf UNESCO sine retningslinjer. Som offentlig tilgjengelege stader står musea i ei særstilling for å visa fram korleis det praktiske bygningsvernet kan utførast.

Eksisterande ordning med bygningsvernkonsulentar skal styrkjast ved fem av dei konsoliderte musea: Museumssenteret i Hordaland, Bymuseet, Sunnhordland museum, Hardanger og Voss museum og Museum Vest. Slutføring av nye og vidareføring av eksisterande avtalar vert gjort gjennom førebunde drøftingar med dei ulike regionråda (Regionrådet for Nordhordland, Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Hardangerrådet og kommunane i Bergensregionen) og tingingar med dei enkelte kommunane. Ordninga føreset økonomisk medansvar frå kommunane.

Gjennomføringsperiode: Kontinuerleg

Ansvar: Hordaland fylkeskommune, kommunane

### **Delmål 6.1.2: Musea sine samlingar skal sikrast og bevarast best mogleg og gjerast tilgjengeleg for publikum og for forskning.**

#### **Tiltak 15: Utviding og utvikling av Bevaringstenestene, Museumssenteret i Hordaland**

Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland er eit framtidsretta tiltak både ved den funksjonen som blir utført med magasiner og konservering, og ved den samlande funksjonen tiltaket har for dei konsoliderte musea i Hordaland. Kapasiteten ved avdelinga rekk per i dag berre til innflytting, digitalisering og magasinering. For å kunna tilby direkte konserveringstenester, må talet på tilsette ved Bevaringstenestene aukast. Ein bør ta sikte på at innflyttingsperioden skal vara 6-8 år, og at ein deretter går over i ein fase der aktiviteten innan direkte konservering får eit hovudfokus. Samtidig må ein arbeida for å utvida magasinane, sidan dagens kapasitet vil vera fullt utnytta etter den første innflyttings-

perioden.

Bevaringsteneste skal vera rusta til å yta konserveringstenester mellom anna innan tre, metall og tekstil, og treng styrking på alle områda. Framover bør prioriterast å utvikla tekstilkonserveringsdelen til å verta eit nasjonalt konserveringssenter for tekstil. Her kan Hordaland ta eit nasjonalt ansvar på eit område som har eit presserande behov for slike tenester. Hordaland fylkeskommune ser det som naturleg at også staten medverkar til realisering av dette tiltaket.

Gjennomføringsperiode: 2012-2014

Ansvar: staten, Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune

### **Tiltak 16: Utgreiing av nye fellestenester for bevaring og konservering av større gjenstandar**

Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum har teke initiativ til etablering av fellesmagasin for større gjenstandar, lokalisert til Odda. Også Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland har løfta fram at etablering av eit slikt magasin kan vera ein del av si drift. Det må setjast i verk ei utreiing av kvar og korleis ei etablering av fellesmagasin for større gjenstandar bør skje, med utgangspunkt i at ein i løpet av planperioden skal gjera vedtak om ei slik etablering.

Det vert sett i gang eit forprosjekt som utreier behov og løysingar, og avgjerd om realisering av ei slik ny fellesteneste må opp som eiga sak.

Gjennomføringsperiode: 2013-2015

Ansvar: Hordaland fylkeskommune, Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum, Museumssenteret i Hordaland, staten

### **Tiltak 17: Utgreiing av nye fellestenester for fotografi**

Det skal utgreiast om ein i Hordaland skal etablere ei fellesteneste for magasinering og konservering av fotografi, der ein også har mannskap som kan operera mobilt i musea i Hordaland. Her må ein vurdere om ein fysisk kjerne kan vera ei samlokalisering av fotosamlingane til Bergen museum, Universitetsbiblioteket i Bergen-billedsamlingen, Universitetet i Bergen sine faghistoriske samlingar, og Gamle Bergen (Bymuseet). Ei så sterk fothistorisk samling, saman med den fothistoriske kompetansen som allereie finst til dømes ved Universitetet i Bergen, har ei fagleg tyngd som gjer det naturleg å tenkja eit nasjonalt senter for fotokonservering bygt på dette, med musealt samarbeid når det gjeld formidling.

Utreiing av behov og løysingar må skje gjennom eit forprosjekt, og avgjerd om realisering av ei slik ny fellesteneste må opp som eiga sak.



Gjennomføringsperiode: 2013-2015

Ansvar: Universitetet i Bergen, Hordaland fylkeskommune, musea, Bergen kommune, Universitetsbiblioteket i Bergen, Universitetet i Bergen, Kunstmuseene i Bergen og Norsk kulturråd.

### **Tiltak 18: Nye fellestenester for konservering av biletkunst og skulptur**

Kunstmuseene i Bergen har sett i gang arbeid for å møte egne behov for magasinerings og konservering av biletkunst og skulptur, samtidig som dette kan gje eit tilbod til andre museum og brukarar.

Tiltaket omfattar investeringar i areal og fasilitetar, og bygging av kompetanse. Ein vil leggja vekt på preventiv konservering, og også gje publikum moglegheit til å sjå delar av samlinga som ikkje er utstilt. Dette tiltaket bør etablerast som ei fellesteneste for musea i Hordaland, eit regionalt konserveringssenter for biletkunst og skulptur, som eit supplement til fellestenestene ved Museumssenteret i Hordaland.

Gjennomføringsperiode: 2012-2014

Ansvar: Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Kunstmuseene i Bergen

### **Tiltak 19: Nye fellestenester for konservering av papir, digitalisering og bevaring av elektroniske data og elektronisk skapte arkiv**

Det er stort behov for å auka kompetansen på korleis arkiv som i dag bli skapt elektronisk av lag, organisasjonar, privatpersonar og bedrifter kan bevarast for ettertida. Osterøy museum - Museumssenteret i Hordaland gjennomførte i 2008 eit pionerarbeid på feltet gjennom prosjektet "Dokumentasjon og formidling av organisasjonslivet på Osterøy – eit interaktivt samarbeid". Dette arbeidet må følgjast opp.

Bergen byarkiv får ansvar for å yta regionale fellestenester innanfor konservering av papirkunst, bøker og dokument. Bergen Byarkiv har allereie bygd opp stor kompetanse på massedigitalisering og er i gang med å etablere eit hacker-sikkert depot for lagring av elektroniske data. Dette er tenester som musea i framtida vil vera avhengig av å ha tilgang til, og som det må etablerast samarbeid for å kunna løysa utfordringar på regionalt nivå.

Gjennomføringsperiode: 2011-2014

Ansvar: Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, kommunar, museum, arkivsektoren, Norsk kulturråd

### **Tiltak 20: Etablering av Senter for industriarkiv og industrihistorie i Odda**

I Noreg er det i liten grad bevart arkiv etter større industriverksemder og industrimiljø, og det er få institusjonar som har kapasitet eller kompetanse til å bevare store industriarkiv.

Stortingsmelding nr. 22 frå 1999-2000 påpeikar at nasjonen burde gjera ein større innsats på arkivside når det gjeld dei store industribedriftene. Slike verksemdar er ofte berebjelkane i lokalsamfunnet. Samstundes skjer strukturendringar, og i omstillingssituasjonar står arkiv i særleg fare for å gå tapt. Dermed kan ein også missa vesentlege kjelder for norsk historie. Utfordringa som er skissert i den ti år gamle stortingsmeldinga, står framleis.

Det synest på det reine at det er eit nasjonalt behov for å ta hand om industriarkiv, og at det såleis er eit grunnlag for eit nasjonalt senter for dette. Verksemda til arkivet må vera vitskapleg og forskingsbasert, og arkiva ordna og beskrive slik at produksjons- og arkiveringsprosessane blir godt dokumentert og forståelege for ettertida. Tilgjengeleggjering og formidling må vera basert på digital teknologi, fordi berre eit mindretal av brukarane vil oppsøkje arkivet fysisk.

Ei etablering av eit Senter for industriarkiv er avhengig av at institusjonen går inn som ein integrert del av det samordna nasjonale og regionale privatarkivarbeidet, og at det byggjer på den kompetansen som allereie er etablert ved NVIM på bevaring av industriarkiv.

Odda-samfunnet framstår som karakteristisk for dei lokalsamfunna som voks ut av industrialiseringa etter førre hundreårsskifte. Samstundes har Odda skilt seg frå andre einseitige industristader ved at det har vore tre relativt jamstore bedrifter i byen. Viktig er det også at NVIM allereie gjennom fleire år har vist interesse for og bygd opp eit fagmiljø på bevaring av industriarkiv. Det vil difor vera ein føresetnad for ei satsing på Senter for industriarkiv og industrihistorie at museet har eit overordna ansvar i etablering og drift.

Gjennomføringsperiode: 2012-2014

Ansvar: Staten, Hordaland fylkeskommune, Odda kommune, Norsk vasskraft- og industristadmuseum

### **Tiltak 21: Registrering og formidling av arkiv**

Ein liten del av arkivbestanden i musea i Hordaland er registrert og gjort tilgjengelege på internett (gjennom Arkivportalen eller musea sine nettsider). ASTA er det systemet som er nasjonalt utvikla for registrering av arkiv (<http://www.stiftelsen-asta.no/>). Det bør etablerast ein rammeavtale med Stiftelsen ASTA for musea i Hordaland. Alle musea må få tilgang til å registrera sine samlingar online i programvara ASTA.

Gjennomføringsperiode: 2011-2012

Ansvar: Hordaland fylkeskommune

### **Tiltak 22: Ordning og registrering av museumsbiblioteka**

Det finst ei stor mengd bøker i musea sine samlingar/bibliotek, både faglitteratur, lokalhistoriske bøker

med meir. Mykje av dette er i dag nærmast utilgjengeleg for brukarar utanfor musea, men også for fagfolk innanfor musea, sidan det ofte ikkje er registrert eller ordna. Det er viktig at desse boksamlingane får ei tilfredsstillande fagleg behandling, der ein også oppnår ei større tilgjengelegheit for brukarane. Dette kan skje gjennom ei styrking av den bibliotekfaglege kompetansen i dei konsoliderte musea, eller ved at musea samarbeider med det lokale folkebiblioteket eller relevant fagbibliotek.

Konkret skal det opprettast ein felles bibliotekskatalog for musea i Hordaland og boksamlingane skal deretter ordnast og registrerast. Hordaland fylkeskommune/fylkesbiblioteket vil ta ansvar for oppretting av felles katalog, og kostnadene med å utvikla tiltaket blir lagt inn i museumsbudsjettet. Den vidare drifta av ordninga (årlege drifts- og lisensutgifter) skal finansierast av musea ved eigenbetaling for tenesta. Den fysiske ordninga og registreringa av samlingane på musea, skal utførast som prosjekt som musea kan søkja støtte til omframt budsjettsøknadene.

Gjennomføringsperiode: 2013-2014

Ansvar: Hordaland fylkeskommune, musea

### **Tiltak 23: Forvaltning av kunstnarheimar**

Hordaland har fleire kunstnarheimar der arven etter kunstnaren vert teken vare på og formidla. Det vil koma fleire slike prosjekt, og nokre er under etablering. Slike tiltak vil falla inn under ABM-sektoren, og bør søkja å verta ein del av ein eksisterande institusjon, slik som Troldhaugen (Edvard Grieg), Siljustøl (Harald Sæverud) og Lysøen (Ole Bull) er ein del av Kunstmuseene i Bergen. Olav H. Hauge-senteret er vorte konsolidert saman med Nynorsk Kultursentrum, og Fartein Valen-senteret i Sveio bør verta ein del av Sunnhordland museum. Fartein Valensenteret og Olav H. Hauge-senteret bør også inngå i eit fagleg samarbeid med Kunstmuseene i Bergen. Dette er kunstnarheimar etter kunstnarar av nasjonalt format, slik at det er naturleg at staten deltek på den økonomiske sida.

For 2011 er det lagt inn løyvingar frå staten, fylkeskommunen og Ulvik herad til Olav H. Hauge-senteret. Ein tek sikte på å auka løyvingane i planperioden.

I Hordaland finst fleire kunstnarheimar som er i privat eige og tilfredsstillande forvalta. Hordaland fylkeskommune bør vera merksam dersom forvaltningssituasjonen endrar seg. Når det gjeld kunstnarheimar i privat eige bør det kunna vera ei oppgåve for museum og abm-sektoren å i samarbeid med eigar sikra og dokumentera denne typen kulturskattar.

Gjennomføringsperiode: 2013-2014

Ansvar: Hordaland fylkeskommune, kommunar, abm-sektoren

### **Tiltak 24: Sorenkrivargarden på Hesthamar**

Gjennomføringsperiode: 2012-2015

Ansvar: Hardanger og Voss museum, Hordaland fylkeskommune, Ullensvang herad

### **Tiltak 25: Oppretting av eit nasjonalt jordskiftesenter**

Agatunet i Ullensvang herad har sidan tunet vart freda vore formidlingsarena for historiske tema knytt til eigedom og eigedomsendringar. Arbeidet ved Agatunet har vist at jordskifte og dei store eigedomsendringane landet har vore gjennom, er lite kjende i dag. Agatunet har ei godt dokumentert eigedomshistorie frå mellomalder og fram til i dag saman med dei nye brukseinigane. Det unike er at dei ligg tett ved kvarandre i eit storslege landskap der ein lett kan lesa eigedomsendringane i bygningar, byggeskikk og landskap.

Det skal opprettast eit nasjonalt jordskiftesenter, lokalisert til Agatunet. Dette senteret er tenkt å vera eit fagleg kunnskapssenter med ein sterk samfunnsprofil, der kunnskap om fortid og samtid skal vera ei kjelde for framtidig eigedomsutvikling og forståing. Senteret skal vera eit bindeledd mellom museum (kulturlandskap og kulturhistorie), forvaltning og forskning.

Gjennomføringsperiode: 2012-2015

Ansvar: Hardanger og Voss museum, Hordaland fylkeskommune, Ullensvang herad, abm-sektoren

### **Tiltak 26: Kulturlandskap**

Kulturlandskap er eit relativt nytt omgrep i museumssamanheng, og har ikkje vore rekna som eit vanleg formidlingsemne. Merksemda rundt dette viktige feltet har auka, og frå Hordaland er tre konsoliderte museum med i det nasjonale museumsnettverket for kulturlandskap: Baroniet Rosendal, Museumssenteret i Hordaland og Hardanger og Voss museum. Baroniet Rosendal og avdelingane Havråtunet og Lyngheisenteret (Museumssenteret i Hordaland) utmerkar seg som museum der arbeid med kulturlandskap er ein vesentleg del av verksemda.

Kulturlandskap skal reknast som ein del av musea sine samlingar på line med bygningar og gjenstandar. Det er viktig å peika på at ivaretaking av kulturlandskapet også heng saman med kulturminnevern. Bevaring, dokumentasjon, forskning, skjøtsel og formidling av kulturlandskap skal få eit auka fokus i planperioden, og skal takast inn i felles plan for samlingsforvaltninga (tiltak 30). Det skal arbeidast for at kulturlandskap og hage med levande dyr og plantar bør inn i museumsstatistikken.

Innan temaet kulturlandskap er det naturleg å tenkja seg nye og overgripande samarbeid med friluftsliv, frivillig sektor, landbruker og reiselivet. Landskapsarkane i fylket er ein naturleg partner i musea sitt arbeid med kulturlandskap.

Gjennomføringsperiode: Kontinuerleg

Ansvar: Baroniet Rosendal, Museumssenteret i Hordaland, Hardanger og Voss museum, Hordaland fylkeskommune, Universitetet i Bergen, Bergen Museum, Fylkesmannen i Hordaland.

## 6.2 Samfunnet og samlingane

**Delmål 6.2.1: Forvaltninga av samlingane knytt til krigs-, okkupasjons og forsvarshistorie skal styrkast, saman med auka forskning og formidling innan fagfeltet.**

### **Tiltak 27: Krigs- okkupasjons og forsvarshistorie**

I *Museumsplanen 2003-2008* vart eit koordinerende ansvar for temaet krigs-, okkupasjons og forsvarshistorie lagt til Museum Vest. Hordaland har fleire anlegg som har sin plass i ein nasjonal og internasjonal vernekontekst. Herdla torpedobatteri er definert som eitt av tre freda anlegg frå kystforsvaret under den kalde krigen, og Museum Vest vil få ansvaret for dette. Fjell festning er ei avdeling i Museum Vest, og det føregår ein konsolideringsprosess i forhold til Espeland fangeleir.

Anlegga er ressurskrevjande å forvalta, og ein er avhengig av statleg, fylkeskommunal og statleg medverknad. Museum Vest må styrkjast i forhold til dei løft som må gjerast ved desse anlegga, og også i forhold til den koordinerende rolla museet skal ha for temaet krigs-, okkupasjons og forsvarshistorie i fylket.

Temaet er aktuelt for mange av musea i fylket. Gjennom auka fokus på dokumentasjon, forskning, forvaltning og formidling skal ein søkja større forståing for krigs- og forsvarshistoria. Dette er ein viktig del av Hordaland si internasjonale historie, og temaet er veileigna for internasjonale prosjekt.

Gjennomføringsperiode: 2012-2015

Ansvar: staten, Hordaland fylkeskommune, kommunar, Museum Vest

**Delmål 6.2.2: Musea skal styrkja arbeidet med samtida og nyare historie**

### **Tiltak 28: Samtidsdokumentasjon og nyare historie**

I *Museumsplan 2003-2008* var eitt av dei viktigaste tiltaka å prioritera samtidsdokumentasjon, og denne satsinga må halda fram, og styrkjast. Dette er et arbeidsområde som er relevant for alle dei konsoliderte musea, og som er ein sentral del av samfunnsoppdraget. Det påkviler musea eit særleg ansvar å handtera den delen av historia som ein erfarer og tek del i, og sjå på denne med eit historisk

blikk. Tema som modernisering, urbanisering, globalisering og kulturelt mangfald er essensielle i musea sin funksjon som aktuelle samfunnsaktørar.

Innsamling frå samtida og vår nære fortid er ein del av den totale samlingsutviklinga og samlingsforvaltninga. Som for all samlingsforvaltning, må det skje ein samordning av samtidsdokumentasjon i fylket, og musea må utarbeida prinsipp for felles bruk av materialet.

Tett knytt til dokumentasjonen av samtida, høyrer forskning og formidling. Ikkje minst på dette området bør musea vera pågåande aktørar som set dagsorden, tek aktivt del i samfunnet og stiller utfordrande spørsmål. Temaet innbyr også til internasjonalt samarbeid.

Gjennomføringsperiode: Kontinuerleg

Ansvar: musea

### **Delmål 6.2.3: Samlingane skal rykkja nærmare publikum**

#### **Tiltak 29: Utlån/deponi til kommunane**

Som ei følge av universitetsmusea si rolle som nasjonale fellesmuseum, har Bergen museum i dag ei stor mengd gjenstandar som er henta frå heile Hordaland og andre delar av Vestlandet opp gjennom tidene. Det er sunn museumspolitikk at verdfulle kulturskattar på denne måten er samla i trygge bevaringsmessige rammer, og at det her er tilgjengeleg for forskning. Samtidig gjev dette Bergen museum ei moglegheit, og eit ansvar, for å formidla heile fylket si historie innanfor ein del tema.

Ein vesentleg del av gjenstandssamlinga er i dag ikkje tilgjengeleg for publikum, og det er ein stigande etterspørsel etter å få kulturelt arvegods tilbake til der det kom frå. I tilfelle der faglege forhold talar for det, både med omsyn til forvaltning, forskning og formidling, vil det vera i samfunnet si interesse om slike gjenstandar kan lånast ut eller deponerast. Det vil vera naturleg at regionmusea er ein kanal for slik praksis, og det krev samstundes at dei held det faglege nivået som krevst i slike situasjonar. Det er ønskeleg at Bergen Museum lagar ein formidlingsplan i forhold til dette, der ein også konkretiserer utlånsordningar for Den kulturelle skulesekken.

Gjennomføringsperiode: Kontinuerleg

Ansvar: UIB, Hordaland fylkeskommune, musea

#### **Tiltak 30: Digitalt museum og interaktiv kommunikasjon med publikum**

I rapporten "Kulturarven til alle – digitalisering i abm-sektoren" heiter det at alle abm-institusjonar skal setjast i stand til å fungera som aktuelle og relevante institusjonar i ein digital røyndom. Dette må

også vera målsettinga for musea i Hordaland, og det betyr at arbeidet med digitalisering på prioriterast. Styrking av musea sin bruk av IKT-løysingar innafor all samlingsforvaltning inngår i det kompetanse-utviklingsprogrammet som ABM-utvikling skal utarbeida for musea i det nasjonale museumsnettverket.

Musea i Hordaland bør vera i fremste rekkje på dette feltet, og må ta initiativ og utvikla prosjekt som kan få støtte frå nasjonale midlar på feltet. Dei konsoliderte musea skal laga planar for digitalisering av samlingane, samkøyrte med planar for digital formidling. Ein må prioritera arbeidet med digitalisering av gjenstandar, foto, film, lyd, kart, teikningar. Gjennomføring og oppfølging av PRIMUS er sentralt i dette arbeidet. Bevaringstenestene, Museumssenteret i Hordaland, skal framleis ha i oppgåve å samordna arbeidet med PRIMUS.

IKT-kompetansen i musea må aukast, og musea må samarbeida om infrastruktur, regionalt og nasjonalt. Til dette høyrer ei sterkare involvering i og bruk av Digitalt museum.

Gjennomføringsperiode: 2012-2015

Ansvar: Norsk kulturråd, Hordaland fylkeskommune.

### **Tiltak 31: Utgreiing av nye fellestenester for IKT**

Musea har meldt inn ønske om å oppretta ei fellesteneste innan IKT, og dette skal utgreiast i planperioden, i den form at ein lagar ein regional IKT-strategi.

Gjennomføringsperiode: 2012-2013

Ansvar: Hordaland fylkeskommune, musea

## **6.3 Koordinering og prioritering av samlingane**

**Delmål 6.3.1: Samlingsforvaltinga ved musea i Hordaland må koordinerast, og som ein del av dette må det skje ei prioritering av samlingane.**

### **Tiltak 32: Felles plan for samlingsforvaltinga**

Musea i Hordaland skal laga ein felles plan for samlingsforvaltinga, som omhandlar både innsamling og forvalting av eksisterande samlingar, inkludert kulturlandskap. Optimalt bør også museum som er utanfor dei konsoliderte musea vera med. Tiltaket skal gje ei samla oversikt over samlingane, ein må utvikla system og rutinar for samhandling, og få i stand ei tydeleg arbeidsdeling slik at samlingsforvaltinga blir meir rasjonell. I dette arbeidet må ein løfta fagfelte samtidsdokumentasjon og immaterielle kulturarv. Spørsmålet om avhending av gjenstandar må også vera med, slik at planen gjev musea faglege retningslinjer for kassaksjon. Planarbeidet skal organiserast som eit prosjekt og

knytast til arbeidet med PRIMUS. Bevaringstenestene, Museumssenteret i Hordaland, skal ha ei koordinerende rolle.

Tiltaket må samstemmast med ABM-utvikling/Norsk kulturråd sitt nasjonale prosjekt der musea i det nasjonale museumsnettverket skal utforma ein plan for sikring og bevaring av museumssamlingar. Musea i Hordaland må ha ei sentral rolle i dette arbeidet.

Gjennomføringsperiode: 2012-2013

Ansvar: Norsk kulturråd, Hordaland fylkeskommune, musea.

## **7.0 FORSKING OG KUNNSKAPSUTVIKLING**

Musea skal vera kunnskapsbaserte, og det ligg som eit sentralt element i samfunnsrolla til musea at dei skal driva med forskning og kunnskapsutvikling. *Framtidas museum* tek kraftig til orde for ei oppgradering av denne verksemda. Det finst eit uutnytta forskingspotensialet i musea, og musea bør utvikle ein strategi saman med universitet og høgskular på forskingsfeltet – ikkje minst på det grunnlaget at musea har betydeleg realkompetanse som er lønsam i ein forskingssamanheng. Samarbeidet mellom musea og FOU-miljø må styrkast.

Forskning vil for eit museum vera med å danna ein trygg fagleg grunnmur, som igjen vil kunna gje formidlinga høgare kvalitet. Likevel må det vera rom for at enkelte museum, eller museumsavdelingar, kan velja å avstå frå å driva forskning i ordets rette forstand. Det kan vera hensiktsmessig at enkelte museum reindyrkar rolla som formidlingsbasar, mens andre legg større vekt på kunnskapsutvikling og forskning. Ein føresetnad er at det finst ein sjenerøs flyt av kunnskap og erfaringar mellom dei ulike miljøa.

Når ICOM sin museumsdefinisjon frå 2007 sidestiller den materielle og immaterielle kulturarven, gjev det eit bod om at arbeidet med den immaterielle kulturarven må oppgraderast kraftig, også når det gjeld forskning og kunnskapsproduksjon. Regionalt forskningsfond bør innrettast slik at også musea sine ansvarsområde er aktuelle forskingsområde for fondet.

### **7.1 Rollefordeling og planlegging innan forskning og kunnskapsutvikling**

**Delmål 7.1.1: Musea skal styrkjast innan forskning og kunnskapsutvikling, og må ha planverktøy som definerer arbeidet.**

#### **Tiltak 33: Plan for forskning og kunnskapsutvikling**



Musea skal prioritera arbeid med forskning og kunnskapsutvikling. Dette skal skje innanfor den generelle styrkinga av driftsøkonomien, men også gjennom finansieringsformer som det regionale forskingsfondet, og ikkje minst gjennom samarbeid med andre forskingsmiljø.

Saman med sitt andre planverktøy, må musea utarbeida planar for forskning og kunnskapsutvikling. Desse må koordinerast innbyrdes, og også med forskingsmiljøa utanom musea.

Gjennomføringsperiode: 2012-2013

Ansvar: musea, Universitetet i Bergen, høgskulane i Hordaland

## 7.2 Forskingssamarbeid

**Delmål 7.2.1: Musea skal auka forskingssamarbeidet, både i museumsnettverket og mellom musea og forskingsmiljø i kunnskapssektoren.**

### **Tiltak 34: Forskingssamarbeid mellom Universitetet i Bergen og dei konsoliderte musea**

*Framtidas museum* slår fast: "Det må legges til rette for samarbeid mellom museene og forskingsmiljøer ved universitet og høgskoler." I *Museumsplanen 2003-2008* var eitt av tiltaka at dei konsoliderte musea skulle etablera eit fagleg råd i samarbeid med Universitetet i Bergen. Dette er ikkje blitt gjennomført, men bør vurderast på nytt i dialog med Universitetet. Målet om auka forskingssamarbeid og samarbeidsprosjekt mellom Universitetet i Bergen/Bergen Museum og dei konsoliderte musea må prioriterast. Forskinga skal sjåast i samanheng med innsamlingsplanar, og ha overføringsverdi mellom dei ulike fagmiljøa.

Det regionale forskingsfondet som er under utarbeiding, må innrettast slik at også musea kan søkja om forskingsmidlar her.

Gjennomføringsperiode: 2012-2015

Ansvar: musea, Universitetet i Bergen

### **Tiltak 35: Master-og doktorgradsstipend for bruk i musea**

For å stimulera til forskning og kunnskapsutvikling i musea, opprettar Hordaland fylkeskommune ein årleg pott på kr. 200.000 som skal fordelast på åtte studentar som utfører masteroppgåver innan forskingsprosjekt ved musea. Musea skal vera søkjarar, og fortrinnsvis skaffa meirfinansiering attåt stipendet for å styrkja tiltaket fagleg.

Samtidig skal det arbeidast for at det gjennom det regionale forskingsfondet vert oppretta doktorgrads-

stipend som er øyremerkte prosjekt knytt til museum i Hordaland.

Gjennomføringsperiode: 2014-2015

Ansvar: Regionalt forskingsfond

### **7.3 IMMATERIELL KULTURARV**

#### **Delmål 7.3.1: Forsking, kunnskapsutvikling og formidling innan immateriell kulturarv skal prioriterast**

##### **Tiltak 36: Etablering av Hardingfelesenter**

Arbeid med den immaterielle kulturarven skal vera ei av hovudsatsingane i musea i Hordaland i planperioden, og ein skal prioritera immaterielle kulturuttrykk og handlingsboren kunnskap som er særskilt knytt til vårt område. Av heilt nye større museumsprosjekt i planperioden, skal ein prioritera utreiing av eit hardingfelesenter i Hardanger, med bakgrunn i at Hordaland har eit spesielt ansvar for å ta vare på denne delen av den immaterielle kulturarven. Mellom dei materielle og immaterielle utrykka er det eit gjensidig avhengigheitsforhold, og denne kjensgjerninga må liggja i botnen for utviklinga av hardingfelesenteret.

Hardingfela er Noreg sitt nasjonalinstrument, og er uløseleg knytt til Hardanger, gjennom namnet, historia, og tradisjonane som framleis lever sterkt i denne regionen. Ole Bull Akademiet på Voss er ein sentral institusjon innan norsk folkemusikk og folkedans. Akademiet spelar ei viktig rolle i den handlingsborne kunnskapen knytt til hardingfela, særleg når det gjeld opplæring og utøving. Satsinga på felemakarutdanning ved Ole Bull Akademiet bør knytast tett til hardingfelesenteret. Hardanger folkemuseum på Utne har ei folkemusikkavdeling med mellom anna ei felesamling og folkemusikkarkiv. To fylkesmusikarar er knytt til museet, og her finst også ein felemakarverkstad.

Med den sentrale rolla Hardanger har i forhold til hardingfela, har Hordaland eit ansvar for denne høgst levande kunstforma og det vil vera rett å prioritera ei kraftig satsing på dette i planperioden. Det bør opprettast eit nasjonalt senter for hardingfela i Hardanger, med formidling av den levande kunsten som hovudføremål.

I planperioden skal det setjast i gang eit forprosjekt som skal utgreia oppretting av eit hardingfelesenter i Hardanger. Ei prosjektgruppe bør ha representantar frå: Rådet for folkemusikk og folkedans, Ole Bull Akademiet, Hardanger og Voss museum, Norges kulturskoleråd /Hordaland, Hardanger spelemannslag, aktuelle kommunar og Hordaland fylkeskommune.

Forprosjektet skal utgreia innhald, omfang og i kva grad det skal investerast i fysiske anlegg. Ein del

av dette vert å vurderer i kva grad eit slikt senter skal ha ei museumsfagleg forankring, eller om hovudvekt skal liggja på kunstutøving og tradering av kunnskap. Hardingfelesenteret bør drivast av, eller i samarbeid med, ein eksisterande institusjon. Hardanger og Voss museum får ansvar for å gjennomføra forprosjektet, i nært samarbeid med institusjonane som er representerte i prosjektgruppa. Det vert ei oppgåve i forprosjektet å ta stilling kva institusjonell tilknytning senteret bør ha vidare, og ein må her også vurderer ei musikkfagleg konsolidering som går ut over Hordaland fylke, med tanke på at prosjektet har eit nasjonalt nedslagsfelt.

Gjennomføringsperiode: 2012-2014

Ansvar: Hardanger og Voss museum, kommunane i Hardanger og Voss v/Hardangerrådet, Hordaland fylkeskommune, Hardanger spelemannslag

### **Tiltak 37: Kompetanseheving innan immateriell kunnskap**

I ABM-utvikling/Norsk kulturråd sitt kompetanseprogram, skal prosjekt og utvikling innanfor immateriell kulturarv og handlingsboren kunnskap ha ei prioritert stilling. Dette skal vera ei av hovudsatsinga i musea framover, og stå som ei sentral og prioritert oppgåve for heile museumslandskapet. Fleire av musea i Hordaland er komne langt på dette fagfeltet, og også miljø utanfor museumsnettverket, som Stiftelsen Bryggen. Ved å styrkja satsinga på dette området vil Hordaland kunna framstå som eit fagleg sentrum for handlingsboren kunnskap og immateriell kulturarv.

Det er eit behov for å styrka den formelle kompetansen innan arbeid med den immaterielle kulturarven, innan musea men også i frivillig sektor og offentleg forvaltning. Dei konsoliderte musea må gjennom samarbeid med kvarandre, og institusjonar som Vestnorsk kulturakademi, Norsk handverksutvikling og Høgskolen i Bergen initiera og koordinera faglege samlingar, kurs og utdanning som gjev formell kompetanse for dei tilsette i musea og andre som arbeider med den immaterielle kulturarven.

Ein bør vurderer om Vestnorsk kulturakademi eller enkelte av dei konsoliderte musea skal få ei sentral rolle som kompetansesikrar knytt til kompetanseheving av både handverkarane ved musea og anna personale som t.d. arbeider med mattradisjonar, reiseliv og kulturhistorie. Ei slik rolle vil kunna knytast opp mot musea og fylkeskommunen sitt vidareutdanningsprogram for lærarane i vidaregåande skule, og i samarbeid med musea kan ein få fram skreddarsydde opplæringskurs/utdanning for å profesjonalisera musea sine tilsette. Ordninga vil kunna sikra at utdanning og kurs gjev studiepoeng, og også sikra kompetanseheving av handverkarar/aktørar i kulturminnevernet i tradisjonelle handverk knytt mot verna og freda bygg og fartøy.

Gjennomføringsperiode: 2012-2015

Ansvar: musea, Vestnorsk kulturakademi, Hordaland fylkeskommune

### **Tiltak 38: Mangfaldsperspektivet**

I ABM-utvikling/Norsk kulturråd sitt kompetanseprogram, skal prosjekt og utvikling innanfor mangfaldsperspektivet ha ei prioritert stilling, saman med handlingsboren kunnskap. Det er vesentleg at ein i mangfaldsombrepet inkluderer det mangfaldet som er representert gjennom ulike aldersgrupper, by og land, sosial variasjon m.m. Noreg har også svært lenge vore eit samfunn med fleire skriftkulturar, mange språk og ulike kulturtradisjonar. Hordaland hyser innanfor sine grenser mykje av dette historiske mangfaldet, og musea bør gje dette fokus både når det gjeld dokumentasjon og formidling.

Det er nasjonal politikk at musea har ei særleg viktig oppgåve i dokumentasjon og innsamling relatert til innvandringa dei siste femti åra, jfr *Framtidas museum*. Dokumentasjon og formidling av og til det fleirkulturelle samfunnet må vera ein integrert del av mu-sea sitt virke, og det må takast inn i musea sitt planverktøy. Det vil vera eit vilkår for tildelingar frå Hordaland fylkeskommune at dette har prioritet i musea sitt arbeid.

Gjennomføringsperiode: Kontinuerleg

Ansvar: Musea

## **8.0 FORMIDLING**

Fundamentalt i det at musea skal vera kunnskapsinstitusjonar, er at kunnskapen skal koma samfunnet til del, at den skal formidlast. Musea må vera aktive samfunnsaktørar, og ta del i den kritiske samfunnsdebatten. Ikkje berre skal musea generera og formidla kunnskap, men dei skal også overraske og utfordra både emosjonelt og intellektuelt. Utviklinga i digital informasjonsteknologi har skapt ei ny verkelegheit, ikkje minst når det gjeld formidling. Musea må framover, i langt større grad enn til no, utnytta potensialet som ligg i digitalt basert formidlingsteknologi. Ein må kombinera auka satsing på presentasjon av samlingane i ein digital samanheng, med den fysiske formidlinga som skjer i musea. ABM-meldinga (St.meld. nr 22 (1999-2000) Kjelder til kunnskap og oppleving) påpeikar viktigheita av ei slik utvikling både for arkiv, bibliotek og museum: ”*Som samfunnsinstitusjonar tevlar dei med mange andre påverknadskanalar om tid og engasjement. I kva grad dei maktar å hevda seg, er i stor grad avhengig av det grunnarbeidet dei må gjera for å strukturera og halda oversyn over det materialet som utgjer samlinga eller bestanden i den einskilde institusjonen. Men særleg i vår tid er det ikkje tilstrekkeleg at dette grunnarbeidet er framifrå skjotta dersom ikkje institusjonane i tillegg er i stand til å utvikla formidlingsstrategiar og -tiltak som overtyder brukarane om at dei representerer tilbod som held høge kvalitative mål.*”

### **8.1 Formidling av kunnskap og opplevingar**

## **Delmål 8.1.1: Musea skal nå publikum med kunnskap og oppleving og vera tilgjengeleg for alle.**

### **Tiltak 39: Styrking av digital formidling**

Hand i hand med satsing på det digitale i samlingsforvaltninga, må det satsast på nettbasert formidling. *Framtidas museum* seier: ”Den store formidlingsutfordringa i museene ligger i å utnytte potensialet som ligger i digitalt basert formidlingsteknologi. Samtidig må det understrekes at den fysiske gjenstanden og muntlige fortellingen som i stor utstrekning inngår i museenes formidling, aldri vil kunne erstattes fullt ut med digital representasjon av museenes samlinger. Utfordringa ligger derfor i å kombinere det åpenbare formidlingspotensialet som ligger i å presentere museenes samlinger i digital sammenheng, med ytterligere styrking av den formidlinga som får publikum til å oppsøke samlingene i institusjonene.”

Det må i løpet av planperioden skje ei radikal utvikling på dette området, synleg på musea sine eigne heimesider og i fellesløysingar som Digitalt museum. Dette er ein ny måte å tenkja formidling på, i forhold til det tradisjonelle. Det stiller nye krav til dei tilsette i musea, og må takast omsyn til i rekruttering til nytt personell. Den digitale teknologien opnar nye moglegheiter for å nå ulike grupper som er underrepresenterte i det ordinære publikumet. Ikkje minst bør musea her venda seg til yngre brukarar gjennom ei form og eit språk som er naturleg for denne gruppa. Digital formidling inviterer også til auka brukarmedverknad, og dette må musea gripa og utvikla innanfor faglege rammer.

Hordaland fylkeskommune vurderer å øyremerka midlar i budsjettet til dette føremålet, og tildela midlar i forhold til behov og planar som blir lagt fram i budsjettsøknadene frå musea.

Gjennomføringsperiode: 2012-2015

Ansvar: musea, Hordaland fylkeskommune

### **Tiltak 40: Prosjektilskot til basisutstillingar**

Musea bør gjennomføra ei brei utprøving av nye formidlingsformer. Dette gjeld også i den formidlingsforma som framleis er den mest brukte i musea: utstillingane. Kompetansen på utstillingsdesign må styrkast, og ein må vurderer om slik kompetanse i noko grad kan vera mobil mellom musea.

Musea melder om stor trong for ressursar til utstillingsverksemda. Det er eit generelt behov for å oppgradera basisutstillingane ved musea, og desse utstillingane bør jamt fornyast. For å møte dette behovet skal Hordaland fylkeskommune vurderer å oppretta ein eigen budsjettpost til dette føremålet.

Gjennomføringsperiode: 2013-2015

Ansvar: Hordaland fylkeskommune, musea.

### **Tiltak 41: Universell utforming**

Musea må innretta seg etter påboda i diskriminerings- og tilgjengelegheitslova, som trådde i kraft 1. januar 2009, der både offentleg og privat verksemd er pålagt å ha universell utforming av verksemda sin "alminnelege funksjon". Fylkeskommunen skal gjennom sin museumspolitikkk stimulera til gjennomføring av tiltak for universell utforming. Lova omfattar all verksemd som er retta mot ålmenta, og føremålet er å fremja likestilling og likeverd, sikra like moglegheiter og rettar til samfunnsdeltaking for alle, uavhengig av funksjonsevne, og hindra diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne. Musea skal innretta seg etter Hordaland fylkeskommune sin plan for universell utforming.

Gjennomføringsperiode: Kontinuerleg

Ansvar: musea

## **8.2 Musea i samfunnsdebatten**

**Delmål 8.2.1: Musea skal vera aktuelle, og ta ei aktiv rolle i samfunnsdebatten.**

### **Tiltak 42: Musea i samfunnsdebatten**

Musea skal vera profilerte samfunnsaktørar, og medverka til kritisk refleksjon. Kunnskap og fortolkningar av fortida som musea sit på, vil ofte vera relevant informasjon i samfunnsdebatten, og det er viktig at denne kjem fram, både i den allmenne debatten, men også som faktagrunnlag i offentleg forvaltning (arealplanar, stadsutvikling, m.m.).

I tillegg til at musea skal løfta inn sin kunnskap og kompetanse i desse samanhengane, bør musea også setja dagsorden gjennom sine formidlingstiltak. Dette må implementerast i musea sine planar og strategiar, og konkretiserast i musea sine budsjettsøknader.

Gjennomføringsperiode: Kontinuerleg

Ansvar: musea

### **Tiltak 43: Fellestenester for publikumsutvikling**

I følgje *Framtidas museum* skal ABM-utvikling (no Norsk kulturråd) ta initiativ til publikumsundersøkingar ved musea for å betra grunnlaget for å utvikla målretta formidlingstiltak. Dette tiltaket må Norsk kulturråd føra vidare.

Musea i Hordaland bør kopla Norsk publikumsutvikling inn i dette arbeidet, både for å få fram fakta-

grunnlag og utforma tiltak. Ein skal søkja å vinna kunnskap om musea sitt publikum, både det eksisterande og det potensielle, og må ha som mål at det også skal gje auka publikumsopplutning.

Gjennomføringsperiode: 2012-2015

Ansvar: Norsk kulturråd, Hordaland fylkeskommune, Norsk publikumsutvikling, musea

#### **Tiltak 44: Medverknad ved store jubileum**

Musea i Hordaland bør vera kreative og aktive i planlegginga av prosjekt og arrangement i tilknytning til større jubileum, i dei tilfelle der musea sine fagfelt treff i forhold til innhaldet i markeringa. I planperioden er grunnlovsjubileet i 2014 den største av slike hendingar. *Framtidas museum* seier:

*”Museene forventes å være kreative og aktive i den kommende planleggingen av prosjekter og arrangementer i tilknytning til grunnlovsjubileet i 2014. Det nasjonale museumsnettverket står i en unik posisjon til å markere og formidle de historiske og kulturarvsmessige aspektene ved jubileet, både nasjonalt, regionalt og lokalt.”*

Hordaland og Vestlandet har hatt ein særleg posisjon i perioden i konstruksjonen av vår nasjonale identitet som har gått frå nasjonalromatikken si sverming for Hardanger til å forstå Noreg som ein moderne oljenasjon. Ei hovudsatsing for Hordaland sin del bør vera å fortelja denne historia. Det kan vera knytt til Hardanger si rolle i norsk identitetsbygging - Hardanger vart valt til tusenårsstad for Hordaland. I dette bør Hardanger og Voss museum/Kabusos ha ei sentral rolle. Det vil også vera ønskeleg å løfta fram fylket sin særeigne kystkultur i samband med dette jubileet. Vidare vil eit samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune i høve Gulatinget vera naturleg. Alle musea må kunna ta sentrale roller i jubileumsmarkeringa.

Eitt eller fleire prosjekt rundt 2014-jubileet må finansierast av fleire partar (kommune, fylke, stat, private). Som del av og oppfølging av 750-årsjubileet for Håkonshallen i 2011, vil Hordaland fylkeskommune aktivt ta del i revitaliseringa av Mellomalderforum og ved å oppretta eit fagforum for Vestlandet si internasjonale historie i samarbeid med Universitetet i Bergen og aktuelle høgskular og museum.

Gjennomføringsperiode: 2012-2015

Ansvar: staten, Hordaland fylkeskommune, kommunar, musea

### **8.3 Målretta formidlingstiltak**

**Delmål 8.3.1: Musea skal ha målretta formidlingstiltak og tilrettelegging for ulike grupper, med vekt på born og unge.**

#### **Tiltak 45: Den kulturelle skulesekken**

Born og ungdom er viktige målgrupper for musea, og bør ha eit sentralt fokus i musea si utoverretta verksemd. Den kulturelle skulesekken er eit sentralt instrument i denne samanhengen. Musea er i dag er ein mykje brukt arena for produksjonar i regi av Den kulturelle skulesekken. Framover bør også musea i større grad vera produsent av tilbod for Den kulturelle skulesekken, og DKS må innrettast slik at ordninga vert tilgjengeleg for alle musea i Hordaland.

Det skal opprettast ei faggruppe i DKS for formidling i museum, og denne skal vurderer tiltak og produksjonar innan feltet museum og kulturminne. Særleg skal musea få ei sterkare rolle som produsent av vandreutstillingar for DKS.

Gjennomføringsperiode: 2011-

Ansvar: Hordaland fylkeskommune, kommunar, musea

#### **Tiltak 46: Musea og reiselivet**

*Framtidas museum slår fast: "Museene skal styrke sinposisjon som aktive aktører i reiselivet."*

Visjonen for Reiselivsstrategi for Hordaland 2009-2015 er: *"Hordaland skal vera best i Norden innan natur- og kulturbaserte opplevingar."* Kultur- og historieformidling er viktige tilleggsprodukt som styrkar attraksjonen og verdiskapinga i nye og eksisterande opplevingsprodukt. Det bør ikkje vera nokon motsetnad mellom å utvikla eit museum som turistattraksjon og den faglege rolla museet har som kunnskapsprodusent og kunnskapsformidlar. Turisten og skuleungdomen vil i stor grad ha samanfallande interesser, og vil begge vera mål for kunnskapsbasert formidling.

Det er viktig å definera musea som ein del av reiselivet, og vidareutvikla dei som grunnpilarar i kulturtilbodet me byr turistar og andre tilreisande. Musea og reiselivet elles må samhandla i å synleggjera attraksjonsverdien i musea sitt tilbod.

I første omgang må musea og reiselivsfeltet saman gå nærmare inn og utgreia musea som attraksjonar og reisemål, og NCE Tourism Fjord Norway bør vera ein sentral samarbeidsaktør. Regionalt utviklingsprogram vil vera ei mogleg finansieringskjelde for prosjekt som tek sikte på å vurderer kva tiltak som skal setjast i gang innan tema som formidling, tilrettelegging, språk og infrastruktur. Musea må inn i planprosessen kring utarbeiding av Reiselivsplanen for Hordaland.

Gjennomføringsperiode: 2011-

Ansvar: musea, reiselivsorganisasjonar



## 9.0 HANDLINGSPLAN

### Tidspunkt for gjennomføring

tiltak	2011	2012	2013	2014	2015
1 Finansiering - drift og investeringar	X	X	X	X	X
2 Kulturelt utviklingsprogram (KUP)	X	X	X	X	X
3 Museumsstrukturen – vurdering av vidare konsolideringar	X	X			
4 Museum utanom dei konsoliderte musea - samarbeidsordningar	X	X	X	X	X
5 Styrking av regionale ansvarsmuseum	X	X			
6 Ivaretaking av frivillig sektor	X	X	X	X	X
7 Styrking av Hordaland fylkeskommune si rolle overfor musea		X			
8 Styrking av tematiske ansvarsmuseum		X	X		
9 Klargjering av Bergen Museum si regionale rolle		X	X		
10 Museum får ansvar for formidling av verdsarv	X	X			
11 Vidareutvikling av økonomuseum (Economusé)	X	X			
12 Stimulera musea til å ta del i internasjonalt arbeid	X	X	X	X	X
13 Etablering av nettverk for mellomalderkloster og pilgrimskyrkjene på Vestlandet		X	X		
14 Utvikling av kulturminnevern, bygningsvern og fartøyvern	X	X	X	X	X
15 Utviding og utvikling av Bevaringstenestene, MUHO		X	X	X	
16 Utgreiing av nye fellestenester for bevaring og konservering av større gjenstandar			X	X	X
17 Utreiing av nye fellestenester for fotografi			X	X	X
18 Nye fellestenester for konservering av biletkunst og skulptur		X	X	X	
19 Nye fellestenester for konservering av papir, digitalisering og bevaring av elektroniske data og elektronisk skapte arkiv	X	X	X	X	X
20 Etablering av Senter for industriarkiv og industrihistorie i Odda		X	X	X	

21 Registrering og formidling av arkiv	X	X			
22 Ordning og registrering av museumsbiblioteka			X	X	
23 Forvaltning av kunstnarheimar			X	X	
24 Sorenskrivargarden på Hesthamar		X	X	X	
25 Oppretting av eit nasjonalt jordskiftesenter	X	X	X	X	X
26 Kulturlandskap	X	X	X	X	X
27 Krigs-, okkupasjons og forsvarshistorie		X	X	X	X
28 Samtidsdokumentasjon og nyare historie	X	X	X	X	X
29 Utlån/deponi til kommunane	X	X	X	X	X
30 Digitalt museum og interaktiv kommunikasjon med publikum		X	X	X	X
31 Utgreiing av nye fellestenester for IKT		X	X		
32 Felles plan for samlingsforvaltinga		X	X		
33 Plan for forskning og kunnskapsutvikling		X	X		
34 Forskingssamarbeid mellom UIB og dei konsoliderte musea		X	X	X	X
35 Master- og doktorgradsstipend for bruk i musea				X	X
36 Etablering av Hardingfelesenter		X	X	X	
37 Kompetanseheving innan immateriell kunnskap		X	X	X	X
38 Mangfaldsperspektivet	X	X	X	X	X
39 Styrking av digital formidling		X	X	X	X
40 Prosjekttilskot til basisutstillingar			X	X	X
41 Universell utforming	X	X	X	X	X
42 Musea i samfunnsdebatten	X	X	X	X	X
43 Fellestenester for publikumsutvikling		X	X	X	X
44 Medverknad ved store jubileum		X	X	X	
45 Den kulturelle skulesekken	X	X	X	X	X
46 Musea og reiselivet	X	X	X	X	X

## Dei ni konsoliderte musea, med nøkkeltal for 2009:

### **Baroniet Rosendal**

Med i nasjonale museumsnettverk:

Herregård

Kulturlandskap

Nøkkeltal for 2009:

Besøk: 50 886

Gjenstandar: 12 700

Foto: 500

Kulturhistoriske bygg: 16

Årsverk fast tilsette: 7,5

Årsverk totalt: 17,9

Totale inntekter: 13 255 000

Samla utgifter: 12 956 000

### **Bergens Sjøfartsmuseum**

Med i nasjonale museumsnettverk:

Sjøfart

Nøkkeltal for 2009:

Besøk: 21 527

Gjenstandar: 6 303

Foto: 37 852

Kulturhistoriske bygg: ---

Årsverk fast tilsette: 10,2

Årsverk totalt: 13,2

Totale inntekter: 13 255 000

Samla utgifter: 12 956 000

### **Bymuseet i Bergen**

Avdelingar:

Gamle Bergen Museum

Bryggens Museum m/ansvar for Håkonshallen og Rosenkrantzårnet

Bergen Skolemuseum

Lepramuseet/St. Jørgens Hospital

Damsgård Hovedgård (eigd av Vestlandske Kunstindustrimuseum)

Alvøen Hovedbygning (tidlegare drifta av Vestlandske Kunstindustrimuseum)

Hordamuseet

Med i nasjonale museumsnettverk:

Botaniske hager

Herregårder

Håndverk

Fiskeri og kystkultur

Magasin og bevaring

Medisinsk historie

ABM-nettverk universell utforming

Nøkkeltal for 2009:

Besøk: 159 468

Gjenstandar: 91 756

Foto: 88 224

Kulturhistoriske bygg: 100

Årsverk fast tilsette: 46,2

Årsverk totalt: 63,7

Totale inntekter: 39 851 000

Samla utgifter: 40 124 000

### **Hardanger og Voss museum**

Avdelingar:

Hardanger fartøyvernsenter

Kunsthuset Kabuso

Hardanger folkemuseum

Stiftelsen Agatunet

Voss folkemuseum

Ingebrigt Vik museum

Kvam bygdemuseum

Granvin bygdemuseum

Med i nasjonale museumsnettverk:

Handverk

Kulturlandskap

Musikk og musikkinstrumenter

Nøkkeltal for 2009:

Besøk: 44 491  
Gjenstandar: 50 873  
Foto: 37 082  
Kulturhistoriske bygg: 137  
Årsverk fast tilsette: 54  
Årsverk totalt: 66  
Totale inntekter: 52 707 000  
Samla utgifter: 52 333 000

### **Kunstmuseene i Bergen**

Avdelingar:

Edvard Grieg Museum Troidhaugen  
Siljustøl Museum  
Museet Lysøen  
Permanent Vestlandske kunstindustrimuseum  
Bergen kunstmuseum

#### Med i nasjonale museumsnettverk:

Kunst

Litteratur

#### Nøkkeltal for 2009:

Besøk: 161 174  
Gjenstandar: 38 329  
Foto: 100  
Kulturhistoriske bygg: 17  
Årsverk fast tilsette: 45,2  
Årsverk totalt: 51,1  
Totale inntekter: 84 411 000  
Samla utgifter: 86 340 000

### **Museum Vest**

Avdelingar:

Norges Fiskerimuseum  
Det Hanseatiske Museum og Schøtstuene  
Kystmuseet i Øygarden  
Herdla Museum  
Nordsjøfartmuseet  
Fjell festning

Med i nasjonale museumsnettverk:

Fiskeri og kystkultur (leiar nettverket)

Magasin og bevaring

Nøkkeltal for 2009:

Besøk: 102 947

Gjenstandar: 13 051

Foto: 15 997

Kulturhistoriske bygg: 43

Årsverk fast tilsette: 20,3

Årsverk totalt: 24,5

Totale inntekter: 24 061 000

Samla utgifter: 25 274 000

**Museumssenteret i Hordaland**

Avdelingar:

Osterøy Museum

Havråatunet

Lyngheisenteret

Norsk Trikotasjemuseum og Tekstilsenter

Bevaringstenestene

Kulturverntenesta i Nordhordland

Vestnorsk utvandrarsenter

Med i nasjonale museumsnettverk:

Arbeiderkultur

Handverk

Kulturlandskap

Magasin og bevaring

Teknologi- og industrihistorie

Nøkkeltal for 2009:

Besøk: 27 015

Gjenstandar: 116 925

Foto: 15 145

Kulturhistoriske bygg: 102

Årsverk fast tilsette: 23,3

Årsverk totalt: 36,7

Totale inntekter: 26 185 000

Samla utgifter: 27 040 000

## **Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum**

Med i nasjonale museumsnettverk:

Samtid

Teknologi- og industrihistorie

Nøkkeltal for 2009:

Besøk: 10 071

Gjenstandar: 10 295

Foto: 31 143

Kulturhistoriske bygg: 24

Årsverk fast tilsette: 15,6

Årsverk totalt: 20,1

Totale inntekter: 18 692 000

Samla utgifter: 18 242 000

## **Sunnhordland Museum**

Avdelingar:

Sunnhordland Folkemuseum og sogelag

Stord Maritime Museum

Halsnøy kloster

Gruvene på Litlabø

Med i nasjonale museumsnettverk:

Bergverk

Nøkkeltal for 2009:

Besøk: 13 106

Gjenstandar: 14 257

Foto: 30 822

Kulturhistoriske bygg: 42

Årsverk fast tilsette: 6,5

Årsverk totalt: 12,2

Totale inntekter: 6 513 000

Samla utgifter: 7 361 000

*(Kjelde: ABM Statistikk)*

## Museum og samlingar i Hordaland som ikkje er del av dei konsoliderte

### einingane:

Askøy museumslags samlingar	Askøy
Rolf Olsen-samlinga	Askøy
Hufthammartunet	Austevoll
Austrheim gamle skule	Austrheim
Hoplandskvernene	Austrheim
Lyttestasjon RisorII	Austrheim
Naustmiljøet i Krossøy	Austrheim
Nothus i Leirvågen	Austrheim
Bergen forsvarsmuseum Bergen	Bergen
Bergen Museum	Bergen
Bergen tekniske museum	Bergen
Buekorpsmuseet	Bergen
Espeland fangeleir	Bergen
Gunnar Michelsens samlinger	Bergen
Laksevåg Lokalmuseum	Bergen
Norsk handelsmuseum og Norsk reklamemuseum	Bergen
Norsk jernbaneklubbe, Gamle Vossebanen	Bergen
Rekstensamlingene	Bergen
Sofus Madsens Skulpturmuseum	Bergen
Tellevik kystfort	Bergen
Thetamuseet	Bergen
Ådnatun	Bergen
Baadehuset	Bømlo
Hummerparken	Bømlo
Måbødalen kulturlandskapsmuseum	Eidfjord
Wichmannsmia	Bømlo
Norsk motormuseum	Etne
Telegrafmuseet på Kulleseid	Etne
Kremmarholmen	Fedje
Årskog museum	Fitjar
Berge bygdemuseum	Fusa
Holdhus skulemuseum	Fusa
Jondal skulemuseum	Jondal
Viketunet	Jondal
Årvik skulemuseum	Jondal
Skulemuseet i Vikøy	Kvam
Tørvikbygd bygdemuseum	Kvam
Ålvik industriarbeidarmuseum	Kvam
Kvinnherad museum	Kvinnherad
Valen sjukehus museum	Kvinnherad
Husmannsplassen Vikjæ	Lindås
Lindås skulemuseum	Lindås
Roparshaugsamlinga	Lindås
Strilamuseet	Lindås
Bjørn West-museet	Masfjorden
Hommelfossen kraftverksmuseum	Masfjorden



Kvamsdal fargerri	Masfjorden
Sleire skulemuseum	Masfjorden
Trodalsamlinga	Masfjorden
Holmestova	Meland
Modalen skulemuseum	Modalen
Røldal bygdemuseum	Odda
Bogatunet	Radøy
Nordanger gardsmuseum	Radøy
Aker industrimuseum	Stord
Omnshuset på Huglo	Stord
Fartein Valen-museet	Sveio
Bu frå Ullestad	Voss
Finnesloftet	Voss
Kulturhistorisk landskapsmuseum	Voss
Lydvaloftet	Voss
Magnus Dagestad-museet	Voss
Stalheim folkemuseum	Voss
Troll Taral Museum	Voss
Rallarmuseet	Ulvik